

## Merknadsskjema – 1. gongs høyring

Plannamn	Områderegulering for Stryn sentrum
Arealplan-ID	4651_2018004
Saksnummer	21/1099
Utarbeidet av	Stryn kommune / 3RW arkitekter
Sist revidert	22.12.2021

Jou- rnal nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/innspele	Stryn kommune sine kommentarar
<b>Private aktørar:</b>			
3	Gerd Kyrkjeeide, gbnr. 57/148, 05.05.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Innspelet gjeld endringar, grensejusteringar, foreslått endring av namn på veg og oppheving av reguleringsplan (planid. 2005001) på gbnr. 57/7 Tonningsøyra.</li> <li>På reg.kartet 20005 er Vipevegen 5m brei, det er viktig i framtida at det blir ståande.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Innspelet omhandlar tiltak som i hovudsak er utanfor denne planens virkeområde og plangrense. Utviding av plangrensa vurderast ikkje som fornuftig i denne delen av prosessen og det oppmodast om å evt. gå vidare med desse tiltaka i eigne prosessar.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. I reguleringsendringa frå 2014 (planid. 2014006) er Vipevegen regulert til gang- og sykkelveg med ei breidde på 3.5 meter. Denne reguleringsplanen er i si heilhet innlemma i områdeplanen.</li> </ol>
26	Ole Johnny Sønsterudbråten, gbnr. 46/87, 07.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ynskjer å sette opp naust på del av gbnr. 46/5 etter lovnad om tomt av eigar av denne tomten. Eigedommen som innsendar ynskjer å kjøpe er i dag ikkje regulert til nausttomt og vil i den forbindelse søke om å få den regulert til det.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Arealet ligg inntil etablert og regulert naustområde rett nord for planlagt kommunalteknisk anlegg og er i strid med omsynssone for bevaring av naturmiljø.</li> </ol>
66	Kjetil Karstad, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ynskjer å peike på området mellom Hegrevegen og RV15 som område for arealkrevjande næring. Blant anna på grunn av gode tilhøve ved etablert infrastruktur. Meiner at utnyttingsgraden er alt for lav og kan 3-doblast samt at ein må sikre at områdeplanen gjev fleksibilitet for ulike næringsaktørar.</li> <li>Er skeptisk til å leggje opp til reduksjon av trafikk og parkering i sentrum i tillegg til å bygge igjen den gamle traseen for avlastingsvegen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Området eignar seg ikkje for arealkrevjande næring med tilhøyrande trafikkaue. Det ligg eit etablert skule- og idrettsområde kloss på og disse arealføremåla er ikkje ein god kombinasjon.</li> <li>Tatt til orientering. Områdeplanen legg ikkje opp til ei reduisering av parkering og trafikk, men reduserer overflateparkering ved framtidige tiltak og legg til rette for etablering av eit parkeringshus. Trafikken er ikkje noko planen gjer noko med verken frå eller til.</li> </ol>
77	A-vista på vegne av eigar av gbnr. 46/25, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Bytte føremål frå BKS til BBB.</li> <li>Endre utnyttingsgraden til 60% BYA</li> <li>Ikkje krav til dokumentasjon av stabilitet utover krav i flaumrapporten.</li> <li>Auke største gesims-/mønehøgde frå 9.5/10 til GH/MH = 11 m.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i plankart og føresegn 6.4.1.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i plankart.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. I tråd med NGI si vurdering av flaumfaren i Vikaelva.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 6.4.1.</li> </ol>
91	Vigdis Wiik Jacobsen, 11.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Då kommunedelplanen for Stryn Langeset- Storesunde vart godkjent vedtok eit einstemming kommunestyremøte at det skulle byggast gangveg langs Vikabukta. Dette kan knyttast saman med det flott stilhette i Vikalida.</li> <li>Det er ikkje ein god ide å leggje renseanlegg der det er planlagt. Av mange opplagte grunnar</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Den same traseen er innarbeidd og vidareført i områdeplanen, men ligg regulert som turveg i føresegnene knytt til friluftsføremålet, utan at traseen er endeleg fastsatt i plankartet.</li> <li>Ikkje tatt til følgje.</li> </ol>
92	Brite Jacobsen, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Planlagt gang- og sykkelsti langs Vikabukta, i henhold til kommunedelplanen, bør kome med i områdereguleringa og binde saman gang- og sykkelstinetet med sentrum og langs Stryneelva.</li> <li>Ynskjer å forlenge 50-sona forbi busettinga i Grønevik for å redusere støynivå og auke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Sjå kommentar til innspel nr. 91 ovanfor.</li> <li>Tatt til orientering. Eit veldig godt tiltak for området, men det ligg dessverre utanfor planens juridiske virkeområde. Bør takast som eigen politisk sak og i dialog med Statens Vegvesen for å finne ei god løysing.</li> </ol>
4	Anne og Fred Wingo, gbnr. 45/194 og 45/228, 11.05.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Grunneigarar har to ubebygde tomter på Visnes som ligg innanfor BFS5 og BKB7 i planframlegget og ynskjer å nytte desse til ny bustadbygging. Dei har p.t. inne ei søknad om arealoverføring (arkivsak 21/919) og har spørsmål knytt til utviklinga av desse eigedommane med omsyn føresegn knytt til H570_1, BKB7 og BFS5.</li> <li>De ubebygde eigedommane vil ved utbygging få tilkomst frå kommunal veg ovanfor (o_SV32) og vil dermed være i god avstand frå dei etablerte historiske miljøa rundt Villa Visnes, Gamle Doktorbustaden og Visnes Hotell og vil ikkje opplevast som del av bygningane i tunet. Bygningane vil være åtskilt av ein fjellhammar og ny bustad vil ligge på baksiden, 10-15 meter høgare i terrenget og dermed ikkje ha ein naturlig tilknytning til Villa Visnes.</li> <li>Dei stiller spørsmål til kva ein slik formulering (føresegn tilknytt H570_1) i praksis vil bety for et evt. nybygg. Er det et krav om at det byggas et «sveitserhus» oppe ved vegen for å passe inn i det gamle miljøet? Dei kan ikkje sjå at til dømes et meir moderne nybygg her vil få noen (negativ) påverknad på inntrykket av det eksisterande miljøet da de knapt vil være synlige frå de historiske bygningane.</li> <li>Slik reguleringsplanane ligger nå, er det høgt sannsyn for at ein evt. byggesøknad, vil ende i ein dispensasjonssøknad om avvik frå den nye reguleringsplanen. Dette vil også kompliserast både i omfang og tid, i og med at Fylkeskommunen også må inkludrast, på grunn av plasseringa av omsynssona.</li> <li>Med bakgrunn i at deira ubebygde eigedommar ikkje har direkte nærleik til de historiske miljøa på Visnes og at nabotomten, 45/233, i den nye planen har blitt flyttet ut av tidlegare H52 (tilknytt omsynsområde for «Bevaring kulturmiljø») og til BSF8 (utan tilknytning til omsynssone), ber dei om at tilsvarande gjørast for 45/194 og 45/228.</li> <li>Enklaste måten å gjøre dette på vil truleg være å legge 45/228 og 45/194 inn under BSF8 og definere de ut av omsynsområde H570_1, slik at de i praksis eigner seg for bustadbygging.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Om tomtene ligger i bustadføremål (BFS) legg ikkje planen prinsipielle hindringer for tiltaka.</li> <li>Tatt til orientering.</li> <li>Tatt til orientering. Det skal ikkje oppfattast som eit krav om å kopiere det verdifulle miljøet rundt Villa Visnes, men snarare om å finne ei form og materialbruk som kan harmonere med miljøet utan å dominere over det. Føresegna sett krav om ei grundig vurdering av korleis utforminga av eit nytt bygg kan innpassast i dette miljøet.</li> <li>Tatt til orientering. Sannsyn for dispensasjon avgjerast av forslaget utforming og antikvariske omsyn som blir vektlagt i prosessen.</li> <li>Tatt til følgje. Gbnr. 45/194 og 45/228 innlemmast i BFS5. omsynssona vidareførast då det er viktig at arkitekturen på dei nye bustadane blir tilpassa kulturmiljøet. Gbnr. 45/233 er allereie bygd og er ikkje direkte samanliknbar.</li> <li>Sjå pkt. 5.</li> </ol>
23	Møyfrid og Michael Walston, gbnr. 45/108, 07.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Innsendarane gjev ei god tidsmessig innføring i historia om Hotel Central og deira innsats for å restaurere dette bygget, samt sikre dei historiske og antikvariske verdiane som bygget representerer. Det kjem også fram at dei meiner bygget er blitt gjenstand for en kulturhistorisk øydelegging.</li> <li>Vi gir vår fulle støtte til Stryn kommune sitt høringsutkast: punkt 6.25.6 og 11.7.2.</li> <li>Det vil varme våre hjerter om Hotel Central tre hovedfasader og «King Oscars Hall» vil nå få varig vern til glede for kommende generasjoner.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Sjå i samband med innspel nr. 83 frå Fortidsminneforeningen.</li> <li>Tatt til følgje.</li> <li>Tatt til orientering.</li> </ol>
24	Jan Egil Flo v. Aaland arkitektkontor, gbnr. 44/25, 07.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tiltakshavar ønsker å bygge eit tilbygg som omsøkt i arkivsak 20/1368. Dette vart då behandla som ein dispensasjon. Denne vart avslått, men utvalet for tekniske saker bad då administrasjonen om at det vart lagt inn i områdereguleringa for Stryn sentrum, som omsøkt. Ønsker at dette vert tatt inn i områdereguleringa som vedtatt i TS-011/21</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Det er problematisk å opne for slike tilbygg i området. Viss ein skulle ha gjeve løyve til dette må dette ha vore vurdert prinsipielt, og vi trur ikkje at politikarane heller ønskjer at ein byggar utover elva i dette området. Dette vil uansett skape presedens.</li> </ol>

27	Rita og Kristen Eikenæs, gbnr. 45/56 og 59/7, 07.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Som nabo til Kipervegen vil vi fråråde på det sterkaste å nytte denne vegen som adkomst til det nye byggjefeltet. Bakgrunn for dette er følgande; A Nederste del av vegfyllinga ligg på vår eigedomen og med svært bratt skråning med dertil ulemper. B Omfattande setningar i vegbana sansynlegvis pga dårleg fyllmasser. Sjølv om det er utført tiltak med masseutskifting og reperasjon av rørføringar en gong tidlegare har det igjen oppstått omfattande setningar anslagsvis ca 30 cm, sansynlegvis også skader på rørføringar som ligg i vegtraceen. C Bebuarar for deler av Visneslia burettslag har sideparkering langs vegen som i utgangspunktet er smal.</li> <li>Vi ønskjer at arealet som i kommuneplanen er avsett til bustadformål blir utvida nordover heilt i grensa til gnr 60 bnr 27 og i aust om lag 40 m frå bnr 59 bnr 65 og austover. Det omsøkte arealet ligg utanfor flaumsonområdet. Grova som renn gjennom eigedomen er i svært dårleg stand og skal leggest i rør slik som det elles er gjort frå denne eigedomen og heilt opp til skogsterrenget i lengde på fleire hundre meter. Vi ønskjer elles at mesteparten av Haraldløken skal beså slik den framstår i dag med fine steinmurar på begge sider av løken. Vi ønskjer også at kommunen legg til rette til tilkobling av vatn og avløp.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Det må påreknast generell oppgradering på vegen i området ved ein eventuell utbygging. For utbygging er det sett plankrav til området og tematikken som takast opp i inspelet vil verte tema i detaljplan då det ikkje går an å sjå vekk i frå utfordringane ved tilførsel av eventuell ny og auka trafikk.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Sjølv om området ligg utanfor flaumsonane er det ein viktig grønbuffer for både blå og grønne strukturar og biologisk mangfald på og rundt Haraldløken. Å legge opne vanntrasear i rør kan vi ikkje anbefale frå eit fagleg ståsted og er stikk i strid med dei overordna målsettingane i områdeplanen. Dette innspelet kom og i samband med kommunedelplanen, slik at avgrensinga for nytt område til bustader (B150 i KDP) allereie er vurdert ut ifrå dei same faktorane.</li> </ol>
41	Bjørn Nyhagen, gbnr. 44/13, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vi eigarar har inga interesse av at tomter, vegar el. anna form for aktivitet skal inn på vårt bruk 44/13.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Bustadområde BFS26 er eigna til føremålet og vert ståande som mogleg utbyggingsareal.</li> </ol>
42	Per Olav Aarheim, gbnr. 44/26, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Grunneigar stiller seg fullt ut støttende til Gudrun og William Dannatt sitt skriv datert 8 juni 2021 og er svært kritisk til etablering av «parkområde» på hans tomt som kan fjerne verdifult areal.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. o_GP6 sikrar offentleg tilgjenge til elva også frå Bruagrenda, kor tilgangen er minimal i dag. Denne nord-sør koplinga til elva er vidareført frå gammal reguleringsplan og sikra i denne områdeplanen for framtidige generasjonar. Sjå i samband med innspel nr. 55 nedanfor.</li> </ol>
55	Gudrun og William Dannatt, gbnr. 45/3 og 45/24, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Innsendarane ber innstendig om at parkområdet o_GP6 vert teke ut av planen. Spør om gevinsten for allmennheten verkeleg er så stor at den rettferdiggjør ulempene som blir påført eigarane av gbnr. 44/26, 45/24 og 45/3 og viser til støtteerklæring frå eigarane av gbnr. 44/26</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Innsendarane gjev ei god og grundig grunngjeving for dei negative konsekvensane av eit eventuelt offentleg parkområde langs Stryneelva på denne lokaliteten. Arealet er viktig i seg sjølv, men også i den større grønne samanhengen og opplevingsverdiane. Sjå i samband med innspel nr. 22 og tilhøyrande kommentar ovanfor.</li> </ol>
56	Rune og Gunnhild H. Ommedal, gbnr. 45/227, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vi ynskjer at friluftsområdet rett bak leikeplassen på Visnes framleis blir regulert til friluftsområde, og at ein ikkje endrar det til boligformål som det har vore planar om tidlegare. Friluftsområde er viktig for innbyggjarane på Visnes, og blir mykje brukt av både skular og barnehagar i Stryn kommune.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Friluftsområde ligg fast.</li> </ol>
61	Arild Lyslo, gbnr. 45/188, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ser at tomt 45/5 på Visnes er planlagt regulert til LNF område. Eg ønsker å få regulert det til BFS område, og kjøpe tomt. Det er fordi området er ikkje tilgjengelig for andre enn eigar av tomt 45/188. Eg ønsker rydde området og bruke område som naturtomt. evt. Sette opp grillhytt og liknande.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Arealet er ikkje eigna til ytterlegare bustadføremål og vert såleis ikkje regulert til BFS.</li> </ol>
98	Jan Gudmund Skrivervik, gbnr. 44/3 og 44/29, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>I områdereguleringa har området med desse tre parsellane (gbnr. 44/43, 44/29 og 44/52) ved elvekanten fått kode GP11/park. Området har lenge vore regulert som park/friareal. Under teikna foreslår at desse tre eigedomane blir omregulert slik at eigar har fridom til å nytte området til uthus/naust/badeplass(BUN). Der er 3 andre haust/båthus vestafor dette området.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Den eine eigedomen er regulert til naustføremål (gbnr. 44/43), medan dei to gjenstående må begge regulerast til park om det skal vere noko poeng å bevare dette grøntområdet for allmenn tilgjenge. Framlegget ligg fast.</li> </ol>
88	Jorunn Marit Jevnehagen og Paul Otterdal, gbnr. 45/96, + Åse og Magne Jevnehagen, gbnr. 45/4, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>I planen er område på Visnes / Bruagrenda foreslått omregulert til bustadfelt (...) Som nabo og grunneigar til det aktuelle området kan vi stille oss positive til omregulering, men ønskjer kartlegging av fleire alternativ for vegtilkomst.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Det er sett plankrav til ei evt. framtidig utbygging av området. Alternativ for vegtilkomst vil verte utreda som del av den prosessen. I områdeplanen legg vi opp til at det skal vere mogleg å kome seg til/frå området frå to ulike kantar. Detaljert kartlegging må gjerast som del av detaljregulering.</li> </ol>
65	Jan Gudmund Skrivervik Gbnr 44/3 og 44/29, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>I områderegulering-forslaget har min parsell, 44/29 og parsell 44/52 ved sida av, fått grøn farge og kode GP11. Desse to eigedomane vart regulerte til park/grøntareal i tidlegare områderegulering for Bruagrenda-området pga krav til grøntareal som lag i den reguleringa. Dette kravet ligg ikkje inne i noverande områderegulering for Stryn sentrum. Eg ber difor om at parsell 44/29 i den nye områderegulering blir endra frå park/grøntareal til BUN- område eller anna som gjer bruk av arealet mulig. Der er 3 andre haust/båthus vestafor denne eigedomen. Sa eit eventuelt lite naust her ville gå naturleg inn i det eksisterande miljøet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Det er eit mål om å vidareføre eksisterande grøntområde. Naust vil privatisere området og redusere det grønne preget. Sjå i samband nr. 98 ovanfor frå same avsendar.</li> </ol>
103	Odd-Rune Flo for Oddlaug Flo, 44/51, 11.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>For å unngå å måtte gå veien om omregulering fra LNF for å gjøre tiltak på eiendommene, så vil vi at dette blir gulmerket som BFS/BKS areal.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Grensa for bustadområde er jamna ut i området.</li> </ol>
16	Jorunn, Oddvin og Jostein Vonheim, gbnr. 59/25, 04.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Eigar av Gnr.59 Bnr.25 kan på ingen måte akseptere den planlagde tursti trasen over vår eigedom og vil gå i mot den planlagde turstien. Vi oppmoder Stryn kommune om å nytte løysingar som tidlegare er vedteke i formannskapet i sak 053/17. (...) I sak 053/17 gjorde formannskapet vedtak om å legge turstien opp på vestsida av Gnr .59 Bnr .40 Roy Bø sin eigedom, og ned igjen på austsida av vår eigedom Gnr .59 Bnr.25.</li> <li>Grunneigarane i Bø har vegrett til naustområdet vest om Gnr.59 Bnr .40 og aust om Gnr.59 Bnr .25</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Delvis tatt til følgje. Når kommunestyret vedtok kommunedelplanen var det med følgjande endring: <i>Den del av tursti i Bø som formannskapet la om, blir teken ut av planen.</i> Dette vart gjort for at planen i tilfelle måtte ut på ny høyring. Dette betyr at ingen av traséane ligg i KDP, men begge er i områdereguleringa. Vi meiner at ein bør halde fast på traséen ved elva i og med den vil vere den beste for ålmenta, mens trasé aust for 59/25 er fjerna frå plankartet/planframlegget til 2. gongs høyring. Turvegen er også justert noe lenger sør på gbnr. 59/25 og framfor naust på gbnr. 60/40.</li> <li>Tatt til orientering.</li> </ol>
17	Marie S. Wolczek, gbnr. 60/31 og 60/12, 06.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Innsendar aksepterer ikkje tursti/veg over eigedomen og visar til allemannsretten og friluftsløva. Kjem med to alternativ til trase: 1. Tursti/veg kjem opp ved avkøyrsla til Rv15. Krysse Rv over til gang- og sykkelveg og gå austover, ny kryssing Rv og ned til den kommunale vegen som går ned til elva (hengebrua) og 2. Tursti/veg kjem opp ved avkøyrsla til Rv15. Fortsett rett fram austover på same sida som avkøyrsla ligg (utan å krysse Rv) og ein kjem rett på den kommunale vegen som går ned til elva (hengebrua).</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Det er ei dårleg løysing å legge opp til to ny kryssingspunkt på RV15 som foreslått i alt. 1. I kommunedelplanen ligg turvegen langs med elva. Vi meiner at ingen av dei to alternativa er gode, og at den løysinga som låg i planframlegget blir vidareført.</li> </ol>
33	Rikard David Bø v. Aaland arkitektkontor, gbnr. 59/3, 08.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Utnytting mot Riksveg: Det er ønskeleg å kombinere carportar med støyskjerming opp mot vegen, og då er breidda på oSGS24 noko stor. Denne er teikna på 3 m medan fortauet vidare på denne sida er ca. 1,8 m. (...) Det bør og opnast for at byggegrensas mot veg vert redusert, evt. opna for at carport/garasje kan ligge nærare (i eigedomsgrensa).</li> <li>Utnytting mot elv: Det gule området verkar noko smalt til å få plass til bustadar, og ei god parkeringsløysing. Ber om at dette vert utvida sørover. Område L14 var tenkt som felles uteområde med leikeplass for bustadane, men og for andre forbipasserande. Det er ikkje aktuelt å nytte dette som landbruksområde i framtida med eit så lite område klemt mellom o_GT18 og BBB2.</li> <li>o_GT18 er i si heilheit lagt inn på 59/3 i sentrumsplanen og her vil då verte veldig trongt for BBB2 forbi naust-tomtane til 59/2 og 59/1. Ber derfor om at traseen vert flytta slik at der den ligg parallelt med naust ligg i si heilheit inne på 59/2, og der den ligg parallelt med elv at den vert lagt med C/L i grensa, som vist på skisse over.</li> <li>Det er og ønskeleg å at traseen vert lagt litt nærmare vestgrensa til 59/ 2 og at o_GF18 vert utvida til alt ned om o_GT18 fram til denne kryssar 59/2, då ein ikkje ynskjer å ha vedlikehalds ansvar for ein liten trekant her.</li> <li>Vegtilkomst i frå aust verkar å være noko smal akkurat i grensa mellom 59/ 1 og 59/40. Her bør det settast av meir breidde til veg/anna vegareal, då det også er høgdeskilnad mellom riksvegen og o_SV19.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Delvis tatt til følgje. Byggjegrensa mot veg vert ikkje redusert, men det vert opna for at carport/garasje kan kombinerast med støyskjerming og ligge nærare vegen (i eigedomsgrensa) gjennom ei endring av føresegn tilhøyrande BBB2.</li> <li>Delvis tatt til følgje. BBB2 er utvida 4 meter mot sør. Område L14 vert ikkje avsett til felles uteområde for BBB2 då det vil vere privatiserande, men vidareført i planen som friluftsføremål innunder hovudføremålet LNF.</li> <li>Delvis tatt til følgje. Turstien er justert i plankart slik at senterline går i eigedomsgrensa.</li> <li>Tatt til følgje. o_GF18 vert utvida til naustet.</li> <li>Tatt til følgje. Vegbredden på turvegen er satt til 2.5 meter men det er høve til å justere dette om naudsynt. Ekstra omsyn til stedlig tilpassing er innarbeidd i føresegn 8.4.4.</li> </ol>
39	Roy Bøe og Jon R. Langeseth Vik, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Positive til prosess, at fleire av innspela er inkludert i planen og at Stryn sentrum skal knytast tettare mot elva med turvegnett og elvekryssingar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering.</li> </ol>

		<ol style="list-style-type: none"> <li>Gjer merksam på at det i/ved område BF1 og BF2 i Skjolden er kulturminne frå 2. verdskrig som må sikrast for ettertida i områdereguleringa.</li> <li>Det føreslegne området BBB2 i planutkastet tilhøyrande gnr 59/3 aust for gnr 59/39 bør gå ut av planen og området bør gjevast statusen LF (Friluftsmål), og eventuelt sikrast for ettertida ved at fellesskapet løyser inn arealet. Visar blant anna til fare for privatisering av areal mellom nybygg og turtrasé, at arealet består av kvikkleire, redusert kontakt med elva frå gang- og sykkelvegen langs RV15.</li> <li>Vedlagte merknader/innspele til kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde. Omhandlar avlastingsveg, nord-/sør-passasjar, turvegar, ny bru og randsonene/elveløkane på Rise og langs elva.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Fylkeskommunen skal i gong med arkeologiske registreringar i dette området (startar 13. september)</li> <li>Ikkje tatt til følge.</li> <li>Tatt til orientering. I hovudsak er fleire av desse innspela innarbeidd i KDP og i denne områdeplanen.</li> </ol>
40	Jens Tore Bø og Eivind Molland, gbnr. 60/1, 60/2 og 60/19, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ynskjer å etablere bubilparkering/korttidscamp for bubilar, enkle og fine opparbeidde plassar og grøntareal, samt tilhøyrande servicestasjon for tømning av toalett og fylling av vatn, på arealet merka med SPP17 i planframlegget.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. o_SPP17 er nødvendig for turbuss parkering og kvileplass for langtransportar.</li> </ol>
44	Rita og Kristen Eikenæs, gbnr. 45/56 og 59/7, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Viser til vårt innspel datert 07.06.2021 (nr. 12). Når det gjelder pkt 02 «Byggjeareal på gnr 59 bnr 7 i Skjolden» ønskjer vi at pumpestasjonen blir flytta lengre mot aust mot eller ved Haraldløken. I samband med etablering av pumpestasjonen må også grova som renn over vår eigedomen leggjast i den same rørtraceen. Vi ønskjer å heve terrenget spesielt mot nord og nordaust på eigedomen som vil vere naturleg ved framtidig utbygging. Adkomstvegen til pumpestasjon bør vurderast ved at det blir nytta same veg som til dei to frådelt tomteane på eigedomen og med ny veg mot nord/ nordaust mot pumpestasjonen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. Dette var vurdert i kommunedelplanen, jf. kommentar til innspel 27.</li> </ol>
46	Rikard David Bø, gbnr. 59/3, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>På bakgrunn av brev datert 29.01.2017, brev datert 15.10.2018, synfaring med formannskapet 10.05.2017 og diskusjon i kommunestyremøte 16.05.2017 ber grunneigar derfor igjen om at veggen blir lagt opp langs vestsida av eigedomen til Roy Bø, så svingar austover langs gamle riksvegen før det igjen svingar ned igjen til elva aust for eigedomen til Vonheim.</li> <li>I samband med denne stien bør det leggjast bru over «løkjen» ved Oppheimshuset.</li> <li>Stien må vidare leggjast så nær elva som mogleg på min grunn mellom nausttomten til Hans Olav Bøe og Oppheimshuset, med eit så stort som mogleg formålsareal mellom stien, Rv15, Oppheimshuset og Roy Bøe.</li> <li>Bustadfelt for indre Bøe bør få ei vegløyning som går austover mot Riise og Rv15. Er det teke høgde for dette i foreslåtte vegløyningar?</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Vi tar vekk trase aust for BFS40, men beheld o_GT19 i plankartet. Sjå kommentarar til innspel nr. 5 og 15.</li> <li>Tatt til følge. Ligg inne i plankart og føresegner og følger gjeldande kommunedelplan.</li> <li>Ikkje tatt til følge, med unntak av litt justering jf. innspel nr. 33. og kommentar til pkt. 3.</li> <li>Ikkje tatt til følge. Indre Bø er ikkje innanfor denne plangrensa. Vegløyningar til indre Bø vert vurdert i eiga plansak for bustadfelt indre Bø.</li> </ol>
51	Sigurd Bø, gbnr. 60/4, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Eg registrerer at i Planframlegget er heile det aktuelle området foreslått avsett til arealkrevjande forretning. Som det framgår av mitt tidlegare innspel, er det mi meining at dette arealet også eignar seg svært godt til boligar, spesielt gjeld dette arealet som i Planframlegget er merka BF1. Viser elles til grunngjeving i vedlagt brev datert 20.11.2019.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. Behovet for nytt næringsareal for arealkrevjande næring i Stryn sentrum er svært stort, moglegheitene for tilstrekkeleg areal få. Det er sett plankrav til at BF1 detaljregulerast samla.</li> </ol>
53	Anne Margrete Tønning, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Positiv til at gangvegen langs Stryneelva er teikna inn heilt opp til hengebrua. Minne i den samanheng om at det må lagast «adkomst» til elva, f.eks for å setje ut kano/kajakk utan at ein må gå over privat eigedom, før ein kjem opp til brua på Sætre. For å få litt fart og stryk, må ein i alle fall opp til hengbrua. (...) Det er flott at gamle brannstasjonen er radert vekk, der må bli ein grønn flekk/park med nærkontakt til elva. Vonar elles at det kan realiserast med utandørsbasseng i tilknytning til symjehallen som det har vore planar om. Vi har ingen sentrumsnær badebasseng og det er eit stort sagn, for på fine sommardagar, er det bade folk og særleg småbarnsfamiliar vil, ikkje berre gå på fjellet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Å leggje til rette for å sette ut ei kano/kajakk under eller ved hengebrua er eit fornuftig og enkelt tiltak som planen opnar for langs turvegtraseen. Både grøn flekk og badebasseng er isolert sett gode tiltak, men det er ikkje noko som skjer som ein direkte konsekvens av denne områdeplanen, men noko det opnast for ved ein evt. detaljregulering, byggesak i området.</li> </ol>
57	Ingrid og Øystein Muri Simonsen, gbnr. 59/39, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Med bakgrunn i kor stort inngrep planen gjev, både arealmessig og med hensyn til privatlivets fred protesterer vi herved på den planlagde turvegen med tilhøyrande friareal over vår eigedom.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. Turvegtraseen vil bandlegge areal nærast elva, men vil ikkje avgrense tilgangen til elva for eigedomens grunneigar og/eller leiketakarar då den vil vere offentleg med allmenn tilgjenge.</li> </ol>
68	Astrid Randi Bø Hunvik og Arne Martin Hunvik, gbnr. 59/15 og 59/107, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Innsendar seier at ingen av deira innspel innsendt hausten 2019 er teke til følge i forslaget til plan og at dei gjekk på fleire møter utan å bli høyrde på noko måte.</li> <li>Vi vil ha eigen råderett over vårt planområde som er forslått til forretningsdrift. Det som er merka B27 lengst mot nord, skal ikkje stå igjen som landbruksområde på vår eigedom. Det vil bli umogeleg å slå og nytte til dette formål, og skal takast med i forretningsområdet. Vi observerer at det som er regulert til forretningsdrift på naboeigedom er delt med 2 ulike kodar (noko plankontoret ikkje kunne dokumentere grunnen til), og det er lang avstandssone til riksvegen, som ikkje kan nyttast. BF1 bør vere benevnelsen på Sigurd Bø sitt og BF2 bør vere på vart - Astri d og Arne Hunvik, altså delt etter eigedomsgrensene. So vi presiserer at vi vil stå med eigen plan korleis vårt område skal nyttast til forretning.</li> <li>Ynskjer å regulere områda sør for det som er tenkt til forretningsområde til bobiloppstillingsplass. Altså langs elva på gbnr. 59/15 og 59/107. Med grunngjeving om at bobilar ikkje står permanent, ikkje i vinterhalvåret og at dei har kontroll på flaumfare sidan dei bur på garden og kan stenge innkomsten for bobilar i periodar ved eventuell flaum. Som konsekvens av potensiell forretningsdrift på dagens landbruksareal ynskjer dei å nytte det resterande arealet til noko økonomisk nyttig og samfunnsteneleg utan å gjere store varige inngrep.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Innspela deira er gjennomgått og vurdert opp mot anna arealbruk i planframlegget, men ikkje tatt til følge da dei er vurdert til ikkje å bidra til ei heilskapleg god utvikling av planområdet. Innspela inneheld også mye informasjon vi har teke med oss i planarbeidet sjølv om dei ikkje kan implementerast direkte til regulert arealbruk.</li> <li>Tatt delvis til følge. L27 er fjerne og innlemma i BF1. Byggegrense mot riksveg er allereie halvert i høve til nasjonal standar (50 meter frå senterlinje veg). Uansett er det sett plankrav til at BF1 skal detaljregulerast samla slik at endeleg prosess og regulering av eigedommane avsluttast ikkje med denne områdeplanen.</li> <li>Tatt til følge. Området kan eigne seg til føremålet og landbruk i dette området er på vikande front. Innarbeidd i plankart og føresegner.</li> </ol>
102	Torill Sola, 13.06.2021 Innfartsvegar	<ol style="list-style-type: none"> <li>Det er påpekt at innfartsveiene til området er viktige. Hvorfor skal innfartsveien fra øst være preget av næringsbygg i boligområder? I områdeplanen for Stryn sentrum er det også nevnt at det ene tiltaket kan veie opp for det andre for å få et positivt helhetlig resultat. Men hva kan egentlig veie opp for et eventuelt feilgrep?</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Det er vesentleg forretning ved innfart i aust og det er eit område som høver for formålet. Det er krav om detaljregulering for å vurdere detaljert lokalisering og utforming.</li> </ol>
13	Anna Bringsvor Egedahl, gbnr. 59/31, 03.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Mitt innspel er at Bøavegen blir stengd for gjennomkøyring, og at det blir etablert bom+ snuplass på eigna stad i Bøavegen, evetuelst på kommunen sitt areal i krysset Bøavegen/Sætrevegen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. Blant anna av omsyn til tilgjenge og tilkomst for utrykkingskøyretøy.</li> </ol>
12	Grunneigarane på Aarheim v. Arne Tysnes, Grethe Aarheim, Stig Tore Hoem, Endre Vonkei og Sigurd L. Berge, 31.05.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vi ønsker ikkje gangbru fra Petterneset t il Aarheim, samt gangvegsti på sørsida av Strynelva fra gamlebrua til hengebrua. <ol style="list-style-type: none"> <li>Fare for smitte med trafikk i område rundt matproduksjon - viser til tidlegare vedlegg frå mattilsynet 05.07.2013.</li> <li>Forsøpling.</li> <li>Urørt natur er ein knapphetsfaktor i dag.</li> <li>Økt trafikk vil føre til sjenanse for innbyggjarane.</li> </ol> </li> <li>Viser også til brev tilsendt av grunneigarar på Aarheim 08.07.2013.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følge. Vi har tatt bort gangbrua mellom Petterneset og Aarheim i tillegg til turvegen på sørsida. Hengebrua og turvegen til Aarheimsvegen skal behaldast. Sjå innspel i samanheng med innspel frå Berge Plastindustri (nr. 11) og Stryn Bondelag (nr. 22).</li> <li>Tatt til orientering. Brevet det blir vist til er eit innspel til kommunedelplanen (sak 11/1461 dok.65), som omhandlar mykje av det same</li> </ol>
18	Arve Ytre-Eide, 06.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>(Merknaden er lang og sterk forkorta. Det anbefalast å lese heile innspelet for å forstå den fulle meininga). Innsendar kjem med mange interessante innspel rundt historisk utvikling av sentrum og er i stor grad ueinig med dei planfaglege grepa i områdeplanen. Det gjeld blant anna kvifor ein legg til rette for hotell i sentrum, korleis ein har tenkt trafikk gjennom sentrum i høve til tidlegare omtalt avlastingsveg og ny tunnel gjennom Strynefjellet, ny kollektivhaldeplass/drosjeoppstilling, manglande behov for torgareal, utvikling av Petterneset og nytt kloakkrensaneanlegg i Grønevik som er i strid med måla om å unngå utfylling i sjø. Det insinueras</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Sjølv om innsendar kjem med mykje interessant informasjon vurderast ingen av innspela å vere særleg konkrete eller konstruktive for vidareutviklinga av Stryn sentrum. Dei fleste av argumenta går på tvers av vedtekne mål for planen, knesett i politisk vedtatt planprogram. Tilsvarande innspel frå innsendar vart sendt inn i samband med kommunedelplanen og handsama på tilsvarande måte.</li> </ol>

		bindingar til Hermannsverk, at utviklinga av Stryn sentrum gjennom planen er tenkt overteke av det offentlege framfor dei næringsdrivande, at plannemnda har hatt negativ påverknad på planarbeidet og generelt manglande kunnskapsbaserte avgjersle, dårleg dømmekraft og kunnskap om tettstadsutvikling.	
21	Stig Tore Hoem, gbnr. 44/1, 06.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ønskjer ikkje gangbru frå Petterneset over til Aarheim. (...) Gamlebrua og Aarheimsvegen har i alle år blitt brukt av turgåarar. Vi meiner at det vil være tilstrekkelig også i framtida.</li> <li>Ønskjer ikkje gangvegsti langs Stryneelva på Sørsida. (...) Gangsti vil øke risikoen for dyra på garden. Stor trafikk med turgåarar langs sørsida av stryneelva, vil føre til smitte, og vil være ein betydelig risiko for husdyra. (...) Ein gangsti vil avskjære beitande dyr frå drikkevasskjelda i Stryneelva. Det vil og ete av det svært nødvendige slåttemarksarealet garden treng. Det vil og ha innvirkning på beiteareal.</li> <li>Ønskjer å regulere for tomter på eigendomen på Visnes. Grunneigar vil ikkje ha friareal og ynskjer og bygge ut hustomter på området.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følge. Gangbrua mellom Petterneset og Aarheim er tatt ut. Mattilsynet er i sitt brev frå 2013 (vedlagt merknaden) også skeptisk til gangbru som kjem til å lande ganske nær husdyrroma. Sjå kommentar til innspel nr. 12 ovanfor (grunneigarane på Aarheim)</li> <li>Tatt til følge. Utfordringane med å leggje til rette for turveg her er openbart i konflikt med bruk av jordbruks- og elvearealet tilknytt beite og drikkevasskjelde i Stryneelva. Turvegen på sørsida er tatt ut. Sjå kommentar til innspel nr. 12 ovanfor (grunneigarane på Aarheim).</li> <li>Ikkje tatt til følge. Areal ynskja til nye bustadar (vedlagt merknad) ligg inne i etablert fri-/grøntareal og nært opp til sikringssoner tilknytt ras og høgspent. Dette området bør i framtida vere eit statleg sikra friluftslivsområde, då dette er eit viktig fri-/grøntareal for mange.</li> </ol>
28 og 105	Gunnvor Romsøe, gbnr. 57/329, 07.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vegen som er planlagd gjennom huset mitt, protesterer eg mot. Eg eig tomten som er regulert til forretningsføremål med dispensasjon for meg som bolig til eg dør. Om de gjennomfører planen til tross for min protest, skal eg ha ein tilsvarande bolig til eg dør, sjå vedlagde kopi av verddivurdering, og tilsvarande forretningstomt.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. Områdeplanen hindrar ikkje eksisterande aktivitet sjølv om det er regulert til sentrumsføremål/samferdsføremål og bygget forutsettast fjerna. Om planen blir vedtatt slik den foreligger skal Stryn kommune gå i tidlig dialog for å evt. løyse saka. Verddivurderinga er ettersendt til kommunen (21/11190), men er unnateke offentlegheita.</li> </ol>
30 og 31	Vidar Flo, gbnr. 45/51, 07.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Bergemgrova som kjem ned i hovedgata mellom Jernia Johan Flo og Fiolen legg beslag på eit stort område. Dette bør kunne løysast slik at ein i framtida kan bygge opp på denne.</li> <li>Ønskjer at området Petterneset ikkje berre skal være regulert til parkering, men også bolig, kontor, service. Fint mulig med to etager parkering og andre ting opp på.</li> <li>Generelt for mykje grønt areal bandlagt i planen. Ved utbygging vil det naturleg bli laga grønne områder.</li> <li>Byggehøgde i sentrum må økast til minimum 40 meter. Vi har ikkje meir areal enn vi treng. Planen legger allerie opp til fortetting i sentrum, og då må vi opp i høgda.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. I tråd med kommunedelplanen skal ein ikkje byggje ned Bergemgrova, ein skal i staden ha moglegheit for å opne denne i framtida.</li> <li>Tatt til følge. Er justert til kombinert føremål.</li> <li>Tatt til orientering. I arbeidet med områdeplanen har det tidleg vore knesett mål om å bevare og styrke grøntareala i sentrum.</li> <li>Ikkje tatt til følge. Ved punktfortetting kan det gjevast dispensasjon frå dei byggehøgdene områdeplanen legg opp til.</li> </ol>
34	Ole Anton Brekke, Steinar Brekke, Anders Bruvoll og Bernt Bruvoll, gbnr. 57/4, 57/379, 57/45, 57/321 og 57/350, 08.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>I forslaget til den nye reguleringsplanen er det ikkje teke omsyn til at bygningar i området BKB18, kan nyttast til bustadføremål, med unntak av gbnr. 57/202. Den same mogelegheita som ligg inn for 57/202, må også gjelde gbnr. 57/379 og 57/350. Vi krev at dette vert retta opp.</li> <li>Området (gbnr. 57/4, 57/379, 57/45 og 57/321) bør i den nye planen definerast til publikumsrett aktivitetar (servicenæringar/tenesteyting) og eventuelt bustadformål. Altså både nærings og privat bruk. Dette for å sikre ein fleksibel nytte av eigedomane, og såleis halde området «levande».</li> <li>Det er ønskeleg med opning for ei fasadeendring mot nord og vest for eigedomen 57/45.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følge. Innarbeidd i føresegn.</li> <li>Tatt til følge. Innarbeidd i føresegnene</li> <li>Tatt til følge. Det blir opna for fasadeendring som tilbakefører bygget til eit meir opphavelig uttrykk.</li> </ol>
36	Johan Eirik Meland, gbnr. 37/2, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Foreslår å leggje til rette for ein stor bubilparkeringsplass i gangavstand til Stryn sentrum. Den ligg på den såkalla «blålystomta» bak Stryn Vidaregåande og ved sida av fjernvarmeanlegget. Her er ein stor plen på ca 8 mål som ein med lite grunnarbeid kan få etablert veg og straumforsyning til ca 40 oppstillingsplassar for bobil/vogner. I og med at alle bubilar og vogner har eige dusj og wc, treng ein kun eit lite santæranlegg med anledning til å tømme wc og fylle vatn. (...) Å bygge om tomta til ein bubilplass er eit relativt enkelt tiltak og kan i framtida lett reverserast.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge. Tiltaket er relativt enkelt å reversere og fungerer fint som en arealreserve inntil annen bruk blir fastsatt, men vi meiner at dette området heller skal nyttast for aktivitetsområde for ungdom og nødlandingsplass for ambulansehelikopter fram til eit ev. ny skulebygg vert planlagt her.</li> </ol>
37	Arve Ytre-Eide, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Innsendar meina at planforslaget er slett handverk, at det offentlege arealet langs elva og sjøen har gått tapt for godt, at planen må leggest død og at ein må gå tilbake til start. Innsendar kjem også med fleire gode poeng i innspelet, blant anna fare for opplevd privatisering av offentleg areal og redusert tilgang til svaberga i «Nerbergskastet» som følgje av føreslått kommunalteknisk anlegg i Grønevik.</li> <li>Ynskjer ikkje fortetting i og langs den tidlegare framlegget om avlastingsgate og meiner at flytting av sentrum mot elva – slik planleggarane foreslår – kun har negativ effekt på eksisterande sentrum. Planen må ikkje «sementere» reine bustadbygg og fritidsbustader i den urbane delen av sentrum. Planleggarane må halde seg unna å ukritisk fylle ledig areal.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følge, men dei tidvis konstruktive poenga tas til orientering. I hovudsak sikrar planen at Stryn i større grad opnar seg mot elva og sjøen og sikrar tilgjengeleg offentleg areal ved framtidig utvikling og utbygging. Sjå elles kommentarar til innspel nr. 7 ovanfor.</li> <li>Tatt til orientering. Sjå elles kommentar på merknad over og i innspel nr. 18 frå same avsendar.</li> </ol>
43	Tor Ivar Kandal, gbnr. 59/79, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Bruk av fjellhallar. Ett generelt innspill. I Odda bruker deler av næringslivet fjellhallar til lagring. I og med at det er utfordringer med areal i Stryn så kan fjellhallar være ett alternativ i Stryn. Kan f.eks Thor Tenden Transport flytte si virksomhet inn i fjellhallar på Visnes, kan Norva etablere slike hallar for å bearbeide/lagre masse. Stein frå fjellhallar kan brukast til utfylling av Stryneelva for å utvikle nytt areal i deler av elvadeltaet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Vi kan ikkje sjå at dette er realiserbart.</li> </ol>
48	Anders Bruvoll, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ifølge de opplysningene jeg har mottatt, ønsker Stryn kommune å nekte gjenoppbygging av huset i Perhusvegen 5, hvis denne bygningen blir ødelagt av brann eller blir ødelagt på annen måte. Bygningen ble på 1980-tallet oppført etter forslag fra Stryn kommune som en del av erstatning i forbindelse med en større "ekspropriasjonsak". Det vil derfor sees som et brudd på avtalen hvis bygningen ikke kan gjenoppbygges etter eventuell brann m.m..</li> <li>Jeg henviser også til innlegget fra Ole Anton Brekke, meg, med flere i går. (Ønsket om åpning for en fasadeendring mot nord og vest for eiendommen 57/45 gjelder, ifølge Ole Anton Brekke, bygningen med butikklokalet.)</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Føresegna for BKB17 seier «ikkje tillate med ytterligere bygg» og står ikkje i vegen for ei eventuell gjenoppbygging om bygget potensielt, i aller verste tilfelle, skulle bli øydelagt. Sjå elles kommentar til innspel nr. 16.</li> <li>Tatt til orientering. Sjå kommentar til innspel nr. 34 ovanfor.</li> </ol>
52	Torleif Løken, eigar av butikklokale i Tinggata 17, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Stryn treng parkeringplassane som er i Tinggata, og kundane vil ha lett tilgang til butikkane. Eg har drive butikk her i 20 år og har erfart at omsetninga fell med 50% når gata blir stengt. Bakeriet som hadde butikk i lokalet her, hadde same erfaring . Omsetning fell når gata blir stengt. Stryn har rikeleg med plass for dei gåande , og det er rikeleg med plass i Tinggata til fotgjengarar.... Stryn treng ikkje noko gågate her som øydelegg for dei som driv næring i dette området.....</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt delvis til følge. Føresegnene vert justert for å opne for framleis parkering og gjennomkøyring. Frå andre tettstader har ein derimot sett at omsetning aukar som følgje av opprusting av gatetun i framkant, rett nok noko avhengig av type handel/vareslag.</li> </ol>
58	Ole Anton og Steinar Brekke, gbnr. 57/379, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vi krev opning for at «Walhalla buda», som er omsøkt, behandla, godkjent reven og påbegynt oppattbygd. Samt Walhalla «utpakninga» som er omsøkt som del av same prosjekt, naturlegvis kan/skal byggast oppattast til bustad (57/379).</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følge. Føresegnene tilknytt BKB17 opnar for vedlikehald og rehabilitering av bustad, bare ikkje ytterligere bygg. At gbnr. 57/379 også kan nyttast til bustad er innarbeidd i føresegn. Sjå elles kommentar til innspel nr. 34.</li> </ol>
71	Birger og Asbjørn Sunde og Guttorm og John R. Sæbø, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Innsigelser på gangvei GT15. En gangveg rett igjennom ein privat hage er heilt uholdbart. (...) de deler grøntarealet i to og øydelegg heile tomte, og livet for dei som bur her. Når det gjeld turveg langs elva så heng ikkje dette saman då ein ikkje ser elva frå Tinggata og ut til «Gamle Meieriet», då kan ein like godt gå vegen rundt. Skal ein sjå elva bør ein gå over Gamlebrua ut mot Nyebrua på Årheimssida/Visnes. Her får ein sjå Gamlebrua, Bruagrenda og elvemiljøet i sitt rette element.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følge. o_GT15 er tatt ut av planframlegget.</li> </ol>
72	Per Ytre-Eide, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Parkeringssituasjonen er eit sers viktig punkt for både næringsliv og turistar! Innsendar etterlyser konkrete forslag for å løyse parkeringssituasjonen i det daglege og i høve til bobilar og bussar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følge. Planframlegget fjernar ingen eksisterande parkeringsplassar, men legg opp til at nye skal lokaliserast under bakken og/eller i eget parkeringshus. Når det gjeld bubilar og busser er det innarbeidd eit nytt arealføremål for slike. Sjå</li> </ol>

		<ol style="list-style-type: none"> <li>2. Svært negativ til å regulere delar av Tinggata om til gatetun/gågate. Blant anna på grunn av dei 30 parkeringsplassane som forsvinn og dei negative konsekvensane det vil ha på næringsdrivande i gata.</li> <li>3. Torgområde sør for Heradsheim, må ligge i første omgang som parkeringsområde for bobilar (når campingplassane er fulle) og turistbussar.</li> <li>4. Renseanlegget i Grønnevik bør leggast inn i fjellet på andre sida av RV15.</li> </ol>	<p>innspel nr.68.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Tatt til orientering. Parkeringsplassane kjem ikkje til å forsvinne. Sjå i samband med dei andre innspela som omhandlar dette tema.</li> <li>3. Ikkje tatt til følgje. Arealet er del av den heilskaplege tanken om å opne sentrum meir mot elva og trekka elva meir inn i sentrum.</li> <li>4. Ikkje tatt til følgje. Ikkje vurdert som del av planarbeidet.</li> </ol>
76	Erik Tenden og Anne-Karin Høgalmen, gbnr. 59/29, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ynskjer at Bøavegen blir stengd for gjennomkjøring og at det blir etablert bom i krysset Bøavegen/Sætrevegen som hindrar gjennomkjøring.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ikkje tatt til følgje. Naudsynt å oppretthalde som omkøyingsveg.</li> </ol>
85	Svein Ørjasæter v. Aaland arkitektkontor, gbnr. 57/182, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ynskjer å utvikle eigeidomen til overnatting og treffpunkt for tilreisande og fastbuande med fokus på opplevselser i naturen rundt, aktivitetar og avkopling i bakhagen. Meinar at planframlegget og sentrumsanalysen (3D-illustrasjonane) synar at eigeidommen kan bli bygd inne.</li> <li>2. Ynskjer å kjøpe attende det tidlegare oreigna arealet avsett til vegareal.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering. Planframlegget legg opp til ei kvartalsvis fortetting i sentrum og kan vere i strid med innsendarar ynskje for kvartalet.</li> <li>2. Tatt til orientering. Må evt. gjerast gjennom privatrettsleg avtale med Stryn kommune og kan ikkje løysast i områdeplanen.</li> </ol>
93	William Audun Dannatt, gbnr. 45/18, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ynskjer betre tiltak i planframlegget for å redusere lysforureining og problema det fører med seg.</li> <li>2. Med bakgrunn i at Stryneelva er eit nasjonalt laksevassdrag av høg kvalitet, og tilhøyrande øret- og laksefiske argumenterer innsendar for at verken stiene eller bruene bør lyssettes. Det gjeld også dei potensielt nye bruane. Sjølv traseen er grei men bør justerast ved nokre område.</li> <li>3. Skeptisk til å opne den fjerde armen i rundkøyringa. Forslag om bru frå Grønnevik til Visnes med tunnel til Riise.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje. Førseggnene som omhandlar lysforureining er spissa og justert nokke i høve til originalt planframlegg.</li> <li>2. Tatt til følgje. Før endeleg val av trase landast bør Stryn elveigarlag involverast for å unngå heilt openbare uheldige område. Det bør også undersøkast korleis lys påverkar elva sjølv om det vert sett krav til lave punktlys som ikkje lys opp himmelen eller elva direkte.</li> <li>3. Ikkje tatt til følgje.</li> </ol>
96	Kåre Tonning Gbnr59/20, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Merknad til trinn 2 og trinn 3: 59/20 motsett seg bygging av nye bustader mellom 59/20 og sør mot elva. Der er ikkje plass til nye hus. Med tanke på areal og høgde. I tillegg viser kartet at det er flaumfare og kvikkleire. 59/20 har RV15 4 meter nordover frå utgangsdør. Og inkje areal mot øst eller vest Ei evt utbygging på sørsida vil då stenge huset totalt inne. Og all utsikt vert teke vekk. Det er naudsynt for oss å ha eit «pusterom» for å oppretthalde normal livskvalitet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ikkje tatt til følgje. Planen opnar for ein langsiktig generell fortetting i området, men tek ikkje stilling til konkret plassering, dette må løysast i påfølgjande prosessar. 3D-visualiseringane er ikkje bindande og er meint som ein illustrasjon på ein av mange måtar å byggje på.</li> </ol>
97	Ingebrigt Kyrkjeeide 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Betre utnytting av eksisterande areal i Stryn sentrum: Bygg i høgda!</li> <li>2. Arealet frå bygget der CoopExtra er i Stryn sentrum og vestover til Trucknor Sogn og Fjordane er på 13 dekar som nesten utelukkande er ein parkeringsplass til bussar og lastebilar. Her må det kunne byggast i høgda. La bussane og lastebilane stå der dei står, men la det vere ein garasje og sett opp eit nytt næringsareal opp på. Då får vi plutsleg ei tomt på 13 dekar sentrumsnært næringsareal klar til bruk.</li> <li>3. Stryn sentrum bør fortettast, det er rikeleg med plass oppover. Areal utanfor sentrum bør prioriterast til matlaging.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering. Planen opnar for forsiktig auka byggehøgder</li> <li>2. Delvis tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 6.26.3.</li> <li>3. Tatt til orientering. Planen har langt på veg føljt desse prinsippa.</li> </ol>
99	Inger Langvik, BS5, 11.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bytte føremål frå o_GP10 til BS5 (innspelet er grundig og grunngjeve, berre konklusjonane er oppsummert)</li> <li>2. Endre etasjetalet til 4 for BS5</li> <li>3. Endre GH/MH til 17 m for BS5</li> <li>4. Opne for takterrasse</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ikkje tatt til følgje. Planen opnar for at o_GP10 kan opparbeidast til uteopphald. Planen er soleis ikkje til hinder for ønskt tiltak.</li> <li>2. Ikkje tatt til følgje. Planen opnar for å vurdere høgder på nytt i detaljregulering dersom særlege årsagar talar for det.</li> <li>3. Ikkje tatt til følgje, jf. pkt over.</li> <li>4. Tatt til følgje. Planen opnar for takterassar, dette er understreka i nytt planframlegg</li> </ol>
100	Inger Langvik, Bankgården, 11.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er ønskjeleg med ein 4.etasje på Bankgården (innspelet er grundig og grunngjeve, berre konklusjonane er oppsummert)</li> <li>2. Tillate og gi føringar for takterrasse</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering. Det er allereie mogleg å byggje 4 etasjar her (BS11)</li> <li>2. Tatt til følgje. Planen opnar for takterassar, dette er understreka i nytt planframlegg</li> </ol>
101	Inger Langvik, På vegne av Flo Brannsikring og a-vista, 11.06.2021, Brann	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bygg i sentrum kan nå byggast i 4 etasjar utan dispensasjon, dvs. at kommunen/brannvesenet ikkje kan stille vilkår så lenge bygget er i tråd med TEK17. Dette betyr at det kan byggast og bruksendrast bygg med leilegheiter i sentrum på opptil 4 etasjar som berre har eitt trapperom (føreset sprinkling av bygget). Det skal i tillegg vere tilgang for brannvesenets høgdereskaper til vindaug eller balkong i 3. og 4. etasje. Stryn brannvesen har ikkje slik høgdereskaper i eigen beredskap per i dag. For å bøte på dette problemet, kan ein legge inn eit punkt i føresegnene, for eksempel under punkt 6.6.: «6.6.7 Dersom det vert etablert leilegheiter i 3. og 4. etasje med meir enn 7,5 meter avstand ned til terreng, skal alle bueningar har tilgang til røymingsveg i form av to uavhengige trapperom .» Eller: «6.6.7 Dersom det vert etablert leilegheiter i 3. og 4. etasje med meir enn 7,5 meter avstand ned til terreng, kan ein ikkje nytte unntaket i TEK som tillèt bruk av eitt trapperom. Det må vere to trapperom».</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje. Er føljt opp i føresegnene, jf. også innspel frå Stryn Brannvesen (innspel nr. 10 høringsinstansar)</li> </ol>
104	Anita Linda Pettersen Almskår, 14.06.2021 Farlig kryss	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Krysset ved Europris er eit stort og nokså uoversiktlig kryss, som treng meir lys for å bli meir oversiktlig. Så mitt innspel er at det må meir lys i dette krysset.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering. Planen set generelle føringar for kvalitet og utforming av veganlegg, men omhandlar lyssetting detaljert.</li> </ol>
108	Henny Staalnacke, 18.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Viser til reguleringsplanen og etterlyser innkjørsel til Setrevegen 7.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje. Sikra i føresegnene.</li> </ol>
1	Tor Guddal, 26.04.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Meiner at det er dårleg tilrettelagt for sykkelparkering i Stryn sentrum.</li> <li>2. I samband med opparbeidinga av Per Bolstads Plass vart det forsøkt å få eit overbygd sykkelstativ inn i prosjektet utan å lukkast. Meiner fortsatt det burde vore etablert i nærleiken av PBPlas, og at kostnaden med dette må inn i prosjektet med utemøblering av plassen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering. Det er dårleg tilrettelagt for attraktivt sykkelparkering nær målpunkt i sentrum .</li> <li>2. Tatt til orientering. Det er eit godt tiltak, men det løysast ikkje i områdeplanen.</li> </ol>
<b>Lag, foreiningar og næringsaktørar:</b>			
4	Stryn Idrettsråd v. Gunnar Harstad, 26.05.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Minne om at fleire positive grep i planen har vore omtalt i tidlegare kommunale planar og handlingsprogram utan at noe skjedd på over 10 år, og at deler av desse tiltaka no har blitt skjøve lenger fram.</li> <li>2. Mykje vatn har runne i Stryneelva forbi Sætre, Årheim og Petterneset sidan desse stadane første gongen vart nemnde i kommunale (del)planar – og mange fine ord i diverse gamle planar har ikkje blitt realiserte enno! Men SIR lever i håpet...!</li> <li>3. Områdereguleringsplanen som no ligg ute til offentleg ettersyn er svært omfattande. SIR oppsummerer med å vektleggje følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Få realisert turvegen Årheim- Sætre</li> <li>• Sikre areal for park og turveg omr. Petterneset (Heradsheim- elva) – og byggje ut</li> <li>• Få på plass turveg vestover til/ forbi Grønnevik. Kor langt?</li> <li>• Få på plass aktivitetsområde ved skulen i Bø</li> </ul> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering.</li> <li>2. Tatt til orientering. Dessverre er det lite sjølve planen kan gjere med å realisere desse tiltaka anna enn å leggje til rette for ei framtidig utvikling.</li> <li>3. Tatt til orientering. Det er regulert turveg på sørsida av RV15 til området ved bru på kommunal veg over til Vikaleirane. Derifrå er det regulert gang- og sykkelveg på nordsida av RV15 til Grønnevik og der eksisterande skogsveg går frå RV og opp til gamle riksvegen.</li> </ol>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>Passe på at ikkje verdfullt grøntareal blir nedbygt (til anna bruk). Oppretthalde(/auke) dagens grøntareal med fokus på aktivitet ( gjerne med trenings-/aktivitetsapparat).</li> </ul>	
8	Gym Stryn AS, 01.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>I Planskildring 6.2.14 står det at det er opna for at det KAN byggast ei gangbru over Vikaelva, men denne er ikkje teikna inn i plankartet slik som gangbru over Stryneelva. Kva vil dette eigentleg seie? Er det slik at vi kan fremje forslag om at dette ikkje berre kan gjerast, men skal gjennomførast? Eller betyr det at det er lagt inn i planen? Dette står også nemnt i Føresegnene 6.25.3, men er ikkje noko meir konkret formulert der. (...) Dette stemmer godt over eins med ynskje om å tilrettelegge for mindre bilbruk som også er nemnt i Planskildring 6.2.14!</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Planframlegget opnar for at ei slik bru kan etablerast, men på bakgrunn av at vi ikkje har gått i detalj på kor det er best å plassera den har vi ikkje plassert den nøyaktig i plankartet. Plassering og etablering av bru må takast i ein påfølgjande prosess og korleis det gjennomførast avtalast. Årsaka til at det er formulert slik er fordi arealføremåla ikkje nødvendigvis opnar for slik etablering utan at det er formulert.</li> </ol>
59 og 60	Initiativgruppa Stryn Aktivitetspark, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vi oppmodar Stryn kommune til å behalde «St'Halvards Ground» som Aktivitetsområde, uavhengig av kva som skjer vedr. eigarskap av tomta.</li> <li>Dersom den pågåande prosessen fører fram til at dette området ikkje lenger skal nyttast til fotballbane, ønskjer vi at området skal tilrettelegge for eit større mangfald i aktivitetstilbodet til barn og unge i Stryn Kommune, samt besøkande. Meir presist ønskjer vi eit anlegg retta mot eigenorganiserte aktivitetar – ein Aktivitetspark.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Plankartet er delt opp og punktet er innarbeidd i føresegn slik at ein kan etablere ein aktivitetspark innanfor O_BSS.</li> <li>Tatt til følgje. Det er eit godt og viktig tiltak å legge til rette for uorganisert aktivitet og idrett. Det er ynskjeleg at det blir lagt til rette for at det kan etablerast ein aktivitetspark på den gamle kunstgrasbana.</li> </ol>
75	Stryn Båtforening v. Petter Andresen, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ønsker å flytte hele båthamna til Grønvik med grunngeving om vindskjerming, sentrumsnær båthamn og eit bygg dei kan bruke til klubbhus. Båthamna må ha molo, flytting på kommunens rekning.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Truleg i konflikt med omsynsona for naturmiljø og dei naturverdiane som er viktig å bevare der. Småbåthamna ligg i gjeldande kommunedelplan i Grønnevik, men det er truleg ikkje realisme i å vidareføre denne her.</li> </ol>
87	Kveen AS, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Meiner at grensa for detaljhandel ikkje er funksjonell eller framtidsretta for å sikre verdiskaping og utvikling av Stryn som sentrum og handelsdestinasjon, og at skissert grense ikkje bør vidareførast i ny plan.</li> <li>Områdeplanen må sørge for nødvendig handlingsrom som kan sikre reinvesteringar og arbeidsplassar som er tilknytt dagens areal, no når store plasskrevjande aktørar fristiller tomter og bygningar på Tonningsleirane. Avgrensing av handel og nyetablering i dette området er neppe klokt val for å utvikle Stryn og nye arbeidsplassar og dette bør endrast.</li> <li>Hegrevegen 15 er markert som en typekategori som kanskje ikkje stemmer med aktivitet og framtidig aktivitet. Vi har bedt om møte med planlaget og vil ettersende presisering av dette etter avhalde møte.</li> <li>«Bringbygget» er markert som industriområde, noko som nødvendigvis ikkje samsvarar med verken historisk bruk og mogleg framtidig bruk. I og med at Bring sin aktivitet opphøyrer frå og med i år så må ein fristille aktiviteten på området til også å omfatte handel og næringsaktivitet, samt både privat og offentleg tenesteyting. Her er også ca. 500m2 med kontorareal som må kunne leigast ut utan nødvendigvis tilknytning til lager/terminalfunksjon.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje.</li> <li>Tatt til følgje. Gjennom justering av føresegn og endring av arealføremål kan det no etablerast meir plasskrevjande varehandel på nokre av områda på Tonningsleirane.</li> <li>Tatt til følgje. Justert i plankart.</li> <li>Tatt til følgje. Justert i plankart, jf. pkt. 3.</li> </ol>
2	Visnes Hotel Stryn AS v. Marit og Arvid Otterdal, 03.05.2021.	<ol style="list-style-type: none"> <li>Området aust for Visnes Hotel er satt av til "GBG5", blågrønn struktur. Dette området leiger vi no av eigar, Opplysningsvesnets Fond. Vi ynskjer at området går inn under same kategori som hotellet.</li> <li>Vi har spørsmål til Stryn Kommune sitt syn på midlertidige bygg, som for eksempel plasthallane på Visnes. Har de nokon plan for desse, eller vil dei forsette å stå der på dispensasjon?</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Vi meiner at føremålet på GBG5 (no GBG4) framleis bør vere blågrønn struktur, men at delar av GBG4 (no fjerna) kan gjerast om til hotell.</li> <li>Stryn kommune v/byggesak bør vere betre å følgje opp desse sakene, men slik det er i dag er ikkje dette prioritert.</li> </ol>
6	Visneslia Burettslag v. Arne Auflem, 30.05.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Visneslia Burettslag er veldig skeptisk til å nytte Kipervegen som tilkomstveg til det nye feltet (BFS26), då dei vegen ikkje tåler meir trafikk.</li> <li>Vegen er i dårlig forfatning, med store setningskader i deler av vegen (skråning ned mot nabo (Eikenes) - har høgdeforskjell på ca. 15 cm (nederste del, kontra oppside av vegen). Skal vegen også brukast som tilkomstvei under utbygging, vil store tunge lastebiler og maskiner måtte bruke denne vegen, med enda verre resultat.</li> <li>Svært vanskeleg tilgang i svingen ved Kvamme (kryss Kipervegen/Strandvegen/Bjørkevegen) med fleire utforkøyningar/småskader kvar vinter. Vegen er i dag ikkje dimensjoner for meir trafikk.</li> <li>Mange beboere bruker Kipervegen som parkering, noko som gjer plass for gjennomkøyning vanskeleg.</li> <li>Ønsker eit anna alternativ for tilkomstveg til eit evt. nytt byggefelt på Visnes.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Planforslaget er vurdert å avlaste Kipervegen.</li> <li>Tatt til orientering. I føresegnene er det satt plankrav om at vegtilkopling skal leggjast i sløyfe med tilkopling i svingen av Seljevegen ved nr. 7, og frå enden av Kipervegen ved nr. 35B. Det for å sikre to tilkomstar inn/ut av området, men hovudtilkomst er tenkt «nedenfra» frå Seljevegen.</li> <li>Tatt til orientering. Planframlegget legg opp til at ein kan breddeutvide heile vegsystemet på Visnes der det er behov.</li> <li>Tatt til orientering. At beboere parkerer på kommunal grunn i vegen blir ikkje vektlagt i den vidare prosessen.</li> <li>Tatt til orientering. Sjå punkt 2 med omsyn til to tilkomstar.</li> </ol>
19	XL-BYGG Sjølvberg AS v. Ola Aarheim, 06.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>På nordenden av A. Sjølvberg Eigedom AS sin eiendom gr. 45 br nr. 47 er det inntegnet en gangvei m/grøntareal. (...) Vi stiller oss positive til gangveien som vil ta en del av vårt areal, men ser ikke behovet for «beltet» m/grøntareal langs gangveien på vår eiendom. Dette vil ta uforholdsmessig mye arealer fra oss, som vi har stort behov for i driften av vårt byggevarehus. Vi ønsker derfor dette grøntarealet tatt ut av reguleringen.</li> <li>I og med videreføring av gangveien forbi Stryn Hotel mot Visnes bro som er ønsket i reguleringen, ser vi liten grunn til også å ha en gangvei mellom vår eiendom og Stryn Hotel sin eiendom. Vi ønsker på dette grunnlag denne fjernet. Dette også utfra trafikale forhold i forhold til riksveien, og trafikk til/fra A. Sjølvberg Eigedom AS og Stryn Hotel sine eiendommer.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Gang- og sykkelvegen og grøntbufferen er frå gammal/eksisterande reguleringsplan og vidareførast i denne planen. Det er naudsynt med ei grøntbuffer mellom arealet avsett til mjuke trafikantar og gjer at gang- og sykkelvegen heng godt saman med det allereie etablerte grønne gang- og sykkelarealet vidare vestover.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Vi meiner at gangvegen og grøntbeltet mellom eigedomane skal vidareførast. Gangevegen med grøntbelte som lå nord for Stryn Hotel (45/132) er fjerna og styrkar grunngevinga for å behalde denne traseen.</li> </ol>
25	Visnesvegen 19 AS v. Aaland arkitektkontor, 07.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tiltakshavar ønsker her at det opnast opp for også å kunne ha kontor i det området som no er regulert til BKB5.</li> <li>Kan ikkje sjå at der er teikna inn byggegrense mot sjø, og det er ønskeleg at denne går i eigedoms/ formålsgrensa.</li> <li>Byggegrense mot SKV4. Det er ønskeleg at denne følger eigedomsgrensa mot aust, då ein ser føre seg å nytte bæresystemet på dagens bygg med ein ny kontoretasje over. Det vil då være naturleg å legge heis, og trapp bak bygget omtrent midt på.</li> <li>Det er og ønskeleg at det vert lagt opp til kantparkering langs SKV4 aust om denne eigedomen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegner.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i plankart.</li> <li>Tatt til følgje. Byggegrensa er justert/flytta i plankartet.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Må løysast på eigen eigedom.</li> </ol>
35	Stryn Historielag, 08.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Stryn Historielag har tidlegare engasjert seg i Villa Visnes og King Oscars Hall. Vi gjev difor sterk støtte til Stryn Kommune sitt forslag om grensesetting for vidare utvatning og svekking av Villa Visnes som kulturminne. Dette er eit viktig kommunalt grep for å ta vare på unik arkitektur frå starten av turismen i Indre Nordfjord.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Sjå dette innspelet i samband med innspel nr. 32 frå Fortidsminneforeningen.</li> </ol>
45	Styret i Visnes Vel v. Halldis Hagen, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Etter plankartet er det forslag om nytt byggefelt på Visnes, og Kipervegen er ein alternativ tilkomstveg. Visnes Vel vil gå imot dette, og grunnen er m.a.: Noverande veg talar ikkje meir belastning, vegen er altfor smal og allereide i dag sterkt overbelasta. 2. Skal den likevel bli brukt som veg til nytt bustadfelt, må den i alle høve opprustast og utvidast. Utviding er det ikkje plass til, og såleis må den vere heilt uaktuell som ny tilførselsveg til det nye byggefeltet. 3. Vintersdagen er det store problem å kome opp på dei verste partia. 4. Vi kan heller ikkje på nokon måte akseptere at det kan bli gjennomkøyning til det nye byggefeltet. 5. Vegen er dessutan brukt som gangveg, sykkelveg og skuleveg. 6. Vi kan og legge til at det blir ein lang, kronglete og tungvindt veg til eit nytt byggefelt når det er andre alternativ til sentrum som er mykje kortare og betre eigna.</li> <li>Det er i dag 4 gjeldande reguleringsplanar for Visnes som er: hovedplan frå 1977, endringsplan frå 1989, reguleringsendring frå</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Hovudåtkomst er planlagt frå Seljevegen, men av omsyn til blant anna utrykkingskøyretøy, renovasjon og brøyting om vinteren er det naudsynt å ha to potensielle tilkomstar inn/ut av området. I plankartet er det lagt opp til at ein kan utvide og oppruste vegnettet på Visnes. Det er vurdert at planframlegget opnar for avlastning av Kipervegen. Sjå også innspel nr. 6.</li> <li>Tatt til følgje. Et av hovudpoenga med områdeplanen har vore å oppheve gamle reguleringsplanar. Disse fire er og har alltid</li> </ol>

		<p>2005, reguleringsendring frå 2009. I tillegg er det ein plan for Visneslia bustadfelt frå 1987. Tida er der vel for å samle dette i ein plan slik at ein kan vere sikre på kva som gjeld.</p> <p>3. På Visnes har vi ein del krigsminne m.a. skyttergraver. (...) Når vi les gjennom punkt 3.4 og 3.5 finn vi ingen ting om dette området (i KU). Er det slik at dette ikkje skal ivaretakast ? Visnes Vel er positive til å fortsatt stå på her, men då bør det kome inn i ein plan for kommunen.</p> <p>4. Angående opplysningsvesenets fond/leikeplassen på Visnes Visnes Vel vil be Stryn kommune TA TAK I DETTE IGJEN OG FÅ TING PÅ PLASS. FOR OSS PÅ VISNES HASTAR DET.</p> <p>5. Vi har mange fine plassar i Stryn sentrum, og vi håpar at alle grøntområda vi har i dag , vert plass til i den nye planen. Vil spesielt nemne Hydroparken i Stryn som Oddlaug og Einar Reed har fått til . DEN MÅ BESTÅ !!!</p>	<p>vore blant dei som skal opphevast når denne planen vedtakast.</p> <p>3. Tatt til orientering. Vi meiner at føresegnene til omsynssone H570_2 er tilstrekkeleg.</p> <p>4. Tatt til orientering. Intensjonen er å gjere friområde statleg sikra men det vert gjennomført i eiga sak.</p> <p>5. Tatt til følgje. Alle parkanlegg består slik dei står i dag, i tillegg til etablering av nokre nye/utvida område. Disposisjonssak vedrørende YX-stasjonen har vore handsama i Formannskapet der det blir vist til at dette skal løysast i områdereguleringa. Føremålsgrrensa er justert inntil eksisterande gangveg.</p>
49	Visnes Hotel Stryn AS, Marit og Arvid Otterdal, 09.06.2021	<p>1. Visnes hotel ber om at de i ny plan tek omsyn til vår drift som er under stadig utvikling. (...) Vi har mykje klage frå gjester på den aktiviteten som går føre seg på Tenden kaia. Spesielt når gjester ikkje får sove på grunn av lasting og lossing som går føre seg mellom 23:30 og 01:30. (...) Ved ein av innfartsvegane til Stryn, rett ved fjorden, er det lagt til rette for industri og transport verksemdar. All tilgang til fjorden er i prinsippet sperra for tilkomst til fots, både for lokal befolkning og turister.</p> <p>2. Vi ser at de legg opp til ei endring i planen, men de «safer» inn slik at det meste er mogeleg også framover. Vi ser også at de legg opp til gangveg ved Strynebukta, og dette er positivt. Her vil vi komme med innspel på at det kunne vore ein undergang frå krysset inn til Visnes Hotel slik at turister og fastbuande på Visnes kan krysse vegen trygt for å komme ned til gangvegen.</p>	<p>1. Tatt til orientering. Områdeplanen legg opp til ei transformering av desse områda i framtida, men det hindrar ikkje dagens aktivitet i å helde fram. Tilgjenge til fjorden er innarbeidd i føresegna til planen for fleire av arealføremåla, og kopla til eksisterande veg parallelt med Visnesvegen.</p> <p>2. Tatt til følgje. Områdeplanen legg opp til ei vidareføring av gangvegen/turstien langs med elva og vidare ut mot fjorden på Visnessida. Ein undergang er eit svært omfattande tiltak som ikkje vurderast i denne planprosessen, men eksisterande gangveg på nordsida av vegen er innarbeidd i plankartet.</p>
69	Svenor AS, Kr. A. Vik Eigedom AS, A. Sølberg Eigedom og Gustav og John Hagen AS v. John Herman Foss Hagen, 10.06.2021	<p>1. BKB10-14 + BI 1 + B/2 + BL må ha likt formål. Det sentrale er at man gjør nye bygg estetisk bra og setter krav her.</p> <p>2. Alternativt burde BKB11 + BI 1 + BI2 + BL hatt likt formål og BKB12-14 burde vært dratt lenger bakover dersom man vil utvide butikkdelen. Da blir det butikk kun mot riksveien.</p> <p>3. Generelt bør det åpnes for å kunne drive butikk av plasskrevende varer på hele området (ikke detaljhandel) - dette fremgår på deler av området. Det er bra å åpne opp for dette og det riktige er å åpne opp for alle.</p> <p>4. Mer fleksibilitet i beskrivelsene av områdene gjør at man slipper unødige dispensasjonssøknader og prosesser, og ikke minst det blir lettere å drive næring og skape arbeidsplasser.</p> <p>5. Det er etablerte veisystemer i området og det er viktig å kunne utnytte området godt. BKB 10-14 + BI 1 + BI2 + BL bør alle ha 80% utnyttelsesgrad ut frå at det er lite sentrumsareal (viktig å utnytte mulige arealer godt) og at vei og grønne soner er etablert i praksis.</p> <p>6. I forhold til tilbygg er det avgjørende å kunne etablere dette på samme kotenivå som dagens arealer. (...) F.eks. dersom dagens bebyggelse er på 2,3 og man skal lage tilbygg at man da kan fortsatt ha 2,3.</p> <p>7. Under Lager (BL) står det at all lagring skal skje innandørs. Dette mener vi er en vel detaljert regulering, vi må fortsatt ha mulighet til å lagre noen varegrupper utendørs langs vegg eller frittstående på vår grunn.</p>	<p>1. Tatt delvis til følgje. BKB10 og BKB11 er slått saman til et formål. BKB12, 13 og 14 til et formål i plankartet.</p> <p>2. Ikkje tatt til følgje jf. kommentar over.</p> <p>3. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegner.</p> <p>4. Tatt til orientering. Det har vore ein utfordrande balansekunst å sikre fleksibilitet samstundes som store deler av planen må være så detaljert at man kan gå rett på byggesak frå denne områdeplanen.</p> <p>5. Tatt til følgje. Alle desse arealføremåla er sett til BYA=80% framfor berre nokre av dei slik det var i planframlegg til 1. gongs høyring.</p> <p>6. Ikkje tatt til følgje. Områdeplanen kan ikkje bygge inn ny fare eller fråvike frå flaumsonene og TEK17.</p> <p>7. Ikkje tatt til følgje. Dagens bruk blir ikkje hindra av ny områdeplan, men i høve til framtidig bruk vert det sett krav til områdets estetikk.</p>
73	Fagre Stryn bensinstasjon v. Aaland Arkitektkontor, 10.06.2021	<p>1. Fagre Stryn bensinstasjon ønskjer å etablere ladestasjon for elbil på det aktuelle arealet (sjå fulle innspel). (...) Vi ber difor om at det vert teken omsyn til dette i områdereguleringa slik at det aktuelle arealet vert omgjort til næringsbebyggelse på lik linje med gbnr 45/25.</p> <p>2. Vi ser og at områdereguleringa legg opp til lågare utnyttingsgrad enn gjeldande kommunedelplan. Vi ber om at dette vert endra slik at området beheld utnyttingsgraden på 60% BYA.</p>	<p>1. Delvis tatt til følgje. Deler av grøntarealet (fram til etablert gangsti) vert omgjort til parkering/næringsbebyggelse.</p> <p>2. Tatt til følgje. Innarbeidd i plankart.</p>
83	Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane, 10.06.2021	<p>1. Framsnakkar det grundige arbeidet med å kartlegge kulturminneverdiane i Stryn sentrum og innarbeidinga av desse i planframlegget. Framheve særleg omsynssona for Hotel Central og føresegnene knytt til bevaring av interiør.</p>	<p>1. Tatt til orientering.</p>
84	Stryn Hotel, 10.06.2021	<p>1. Ynskjer ikkje å legge o_SGS17 over eigedomen 45/132 mellom hotellets fasade og elva. Slik det er lagt opp til i planen endar traseen i en blindveg ved brua som vil skape ei dårleg situasjon utan god tilrettelegging. Meinar at det er naturleg å nytte trase i eksisterande reguleringsplan som går mellom hotellet og deiras nabo Sølberg.</p> <p>2. Ynskjer å flytte byggegrensa nærmare elva for større utviklingsmoglegheita.</p> <p>3. Ynskjer at det vert lagt til rette for ei flytebrygge for tilkomst med mindre båtar og kanoar/kajakkar.</p>	<p>1. Tatt til følgje. Trasé framfor hotellet er fjerna frå plankartet.</p> <p>2.</p> <p>3. Ikkje tatt til følgje. Byggegrensa ligg godt innanfor flaumsona allereie.</p> <p>4. Tatt til følgje. Opning for en mindre kajakkbrygge er innarbeidd i føresegner.</p>
9	Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne v. Jannike Sunde, 02.06.2021	<p>1. Rådet presiserar viktigheita av universell utforming i sentrum. Ein bør i størst mogleg grad legge til rette for at alle kan bevege seg rundt i sentrum, både gangvegarm, gangoverfelt, Per Bolstad plass, og alle sentrumsområder bør vere tilrettelagt for personar med alle slags funksjonsutfordringar/røyrsløshemming.</p> <p>2. Rådet ønskjer også sykkelparkering med overbygg i sentrum, også med moglegheit for å lade el-syklar.</p> <p>3. Når det gjeld tursti langt stryneeelva og tilrettelegging for mjuke trafikantar, er det viktig at kommunen vedlikeheld tilgjengelegeheita på vinteren også.</p> <p>4. Rådet etterlyser betre lyssetting i minneparken</p> <p>5. Rådet påpeikar også at det er behov for betre lyssetting v/fotgjengerovergangar i sentrum.</p> <p>6. Alle tilgjengelege toalett i Stryn kommune må vere døgnopne og heilårsopne.</p>	<p>1. Tatt til følgje. Planframlegget har fokus på dette ved å blant anna fastsette at «areala skal utformast slik at dei kan nyttast på like vilkår av ein så stor del av befolkninga som mogleg» i dei felles føresegnene, samstundes som fleire arealføremål eksplisitt skal nytte prinsipp for universell utforming.</p> <p>2. Ikkje tatt til følgje. Områdeplanen er for overordna til å sjå på dette detaljert, men det er et godt tiltak nemnt av fleire og vil vere positivt.</p> <p>3. Tatt til orientering. Positivt driftstiltak, men det kan ikkje styrast gjennom områdeplanen.</p> <p>4. Ikkje tema for områdeplanen.</p> <p>5. Ikkje tema for områdeplanen, men bør løftas vidare som eit ledd i gjere Stryn sentrum meir trafikksikkert og vennleg for mjuke trafikantar.</p> <p>6. Ikkje tema for områdeplanen, men tiltaket støttast.</p>
10	Brenett AS v. Knut Gunnar Ulvedal, 02.06.2021	<p>1. Brenett AS ønskjer å sette opp ny nettstasjon (trafokiosk) på området GP9 (grønt område mellom rundkøyringa og Kiwi). Storleik på nettstasjonen er om lag 2,3 x 3,1 meter.</p> <p>2. Viser også til gjennomgang av planlagt ny trase for HS-kablar. Kartskisse vert sendt til deg i eigen e-post.</p>	<p>1. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn.</p> <p>2. Tatt til orientering.</p>
11	Berge Plastindustri v. Odd Henrik Berge, 03.06.2021	<p>1. Bedrifta er stor motstandar av gangveg langs elva på sørsida og vi synest heller ikkje det er ein god ide å lage gangvei på nordsida av elva.</p> <p>2. Gangvegen på sørsida er planlagt nær bygningen og den kan virke negativt inn på grunnforholda. Det er allereie setningskader i bygningen, og dette må ikkje bli verre.</p> <p>3. Det er knapphet på urørt natur i Norge, og det å øydelegge elvebredda med ein gangveg er ikkje fornuftig naturforvaltning. Det vil og påverke fuglelivet negativt.</p> <p>4. Ein kan lage til fine gangveger langs elva/fjorden vest for brua på Visnes. Her er allereie nylig opparbeid elvebredde og ein øydelegg ikkje naturleg elvebredde.</p>	<p>1. Delvis tatt til følgje. Gangvegen på sørsida er tatt ut av områdeplanen.</p> <p>2. Tatt til følgje. Gangvegen på sørsida er tatt ut av områdeplanen.</p> <p>3. Tatt til orientering. Stryn sentrum er eit urbant og tettbygd område av mindre verdi for fuglelivet og av stor verdi for menneske som bur og kjem tilreisande.</p> <p>4. Ikkje vurdert, som avsender seier er dette området delvis tilrettelagt allereie, mens turveg langs elva er eit svært ynskja tiltak med stor oppslutting og positiv verknad på Stryn sentrum si attraktivitet.</p>
22	Stryn Bondelag v. Torill Nina Midtkadnal, 07.06.2021	<p>1. Å definere sentrum og kva funksjonar sentrum skal ha er viktig for ein kommune sine ambisjonar. I ein slik samanheng er det viktig å legge til rette for både eksisterande og kommande næringsaktivitet, samt trivsel og velvære for alle innbyggjarane i kommunen. Når det er sagt, er det viktig at ein i slike prosessar har tilstrekkeleg respekt for eksisterande aktivitet, slik at interessene til desse ikkje</p>	<p>1. Tatt til orientering. Det er ein krevjande balansegang å bevare og legge til rette for ein god utvikling innanfor et så stort planområde.</p>

		<p>må vike i iveren etter å skape ny aktivitet.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>I samband med at det i planframlegget er lagt opp til gangbruer til og frå sentrum til Årheim med gangsti på Årheim, støttar Stryn Bondelag medlemmane sine på Årheim i deira bekymringar til denne planen.</li> <li>Gangstien og bruene vil bli lagt i eit område med stor dyretettleik. Etter samtale med mattilsynet gjekk deira bekymring mest på forstyrring av beitande dyr, avskjering av tilgang til vatn for dyra og fare for mating av dyr på beite.</li> <li>Stryn Bondelag ber om at det vert teke omsyn til landbruket sine interesser og at våre innspel vert teke med vidare i planprosessen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Brua og gangvegen på sørsida av elva er tatt ut av områdeplanen.</li> <li>Tatt til følgje. Brua og gangvegen på sørsida av elva er tatt ut av områdeplanen.</li> <li>Tatt til følgje. Innspela og interessene har vore sett i samband med innspela frå Årheim og tiltak er innarbeidd i planen.</li> </ol>
32	Fortidsminneforeningen v. Bo Alexander Granbo, 08.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Det er gjort et grundig og godt arbeid med kartlegging av kulturhistoriske verdier, og utforming av konkrete bestemmelser som sikrer vern av den historiske bygningsmassen. Punkt 11.7. Bevaring kulturmiljø (H570) har gjennomgående en faglig god utforming, og det er positivt at det legges vekt både på helhetlige kulturmiljøverdier og enkeltstående kulturminneverdier som ikke tillates revet (11.7.1.). (...) Det er derfor helt riktig å verne interiøret slik det er foreslått under punkt 11.7. Fortidsminneforeningen er svært positive til utformingen av bestemmelsen, som på en god måte verner om de kulturhistoriske verdiene knyttet til interiøret (...) Det er videre svært positivt at det knyttes strengere krav til antikvarisk utredning før søknad om endringer av de gjenværende fasadene eller tårnet, samt interiør i BKB7 etter 6.25.6.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Sjå fullt innspel for meir informasjon knytt til arkitekt Hans Heinrich Jess og dei arkitektoniske og kulturhistoriske kvalitetane knytt til BKB7.</li> </ol>
47	Stryn Arbeidarparti v. Jarle Hessevik, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vi ser ikkje noko poeng med å opne «den fjerde armen» i rundkøyringa i denne vegløyisinga. Det bør ikkje opnast for større trafikk inn i området som frå før er ganske trangt. Å føre busstrafikk gjennom krysset ved Triangelen/Øvreberg inst. Både ut og inn av området er trafikkmessig uforvarleg sidan området også blir brukt av mange mjuke trafikantar. Difor er det best om krysset Perhusvegen/Tonningsgata ikkje vert stengd for trafikk. På den måten kan det etablerast ei einvegskøyrd rute for bussar, - inn ved Sparebanken og ut ved Stryn bokhandel. Det er heller ikkje ønskjeleg å lage eit nytt kryssingspunkt på skulevegen frå Visnes (ved rundkøyringa).</li> <li>Gangstien langs elva bør følge elvekanten heile vegen frå Petterneset og til hengebrua, bortsett frå områda ved nausta. Vi ser ikkje grunn for å svinge rundt BFS40 (opp mot rv15) og heller ikkje å krysse L18/L20, marka ved bautaen på Mørebruket. Stien bør leggest mellom bustadane og elva der det er muleg.</li> <li>Vi meiner området mot Sundeløken, område GN2, bør regulerast til næringsføremål/sentrumsfunksjonar. Vi ser dette som eit interessant alternativ til tomt for brannstasjon.</li> <li>Planen bør ikkje blokkere for ei meir tenleg gjennomføring av Rv15 utanom tettaste sentrum, ved t.d. tunnel nord for sentrum, mot Rise. Det bør difor setjast av område på planen for veg og tunnelinnslag i ei framtidig løysing.</li> <li>Ein bør ikkje låse seg for framtida ved å avgrense detaljhandel til å stanse ved Coopbygget. Nye strukturar i transportnæringa kan seinare frigjere areal vestover langs Rv15. Grensa kan setjast ved Europris.</li> <li>Krysset ved biblioteket og Coop: Det kan vere ei god løysing, men det blir relativt høge kostnader ved flytting av pumpestasjon og viktige funksjonar «under jord». Eit godt alternativ til endring av trase, er å ha forkøyrsvveg i Setrevegen heilt ned til Rv15. Det vil langt på veg løyse dei trafikale utfordringane i dei to T-kryssa. Det kan også vere «full stopp»-skilt ved påkøyring av Rv15 og ev avkøyringsfelt inn på Setrevegen frå aust.</li> <li>Tinggata, mellom Tonningsgata og Rognehaugen bør vurderast einvegskøyrd mot nord.</li> <li>Planen bør innehalde avsett område til bubilparkering nær sentrum. Alternative plasseringar: Ved Strynehallen, på utstillingsplassen eller den gamle kunstgrasbana (kommunal grunn).</li> <li>Planen bør innehalde ei liste over funksjonar som skal ha prioritet som sentrumsfunksjonar i framtida.</li> <li>Vi vil også peike på at planen må styrke prinsippet om fortetting og at det vert bygd meir i høgda.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Ved ein opning av den fjerde armen vil det følgje med ei opprusting og oppstramming av det utflytande vegarealet i området for å gjere tilhøva betre for harde og mjuke trafikantar, samt gjere eit parkeringsanlegg tilgjengeleg i dette området utan å lede meir trafikk gjennom Miljøgata. Perhusvegen/Tonningsgata vert ikkje stengd for trafikk. Bussane representerer eit reelt problem i sentrumsområdet i høve til arealbruk og tryggleik for mjuke trafikantar, men områdeplanen greier ikkje løyse einvegskøyringar og liknande, det må ein løyse med blant anna skilting.</li> <li>Delvis tatt til følgje. Stien er lagt lenger sør/nærmare elva og ikkje innanfor sikringssona til bautaen. Elles er turvegen aust for gbnr. 59/25/BFS40 fjerna. Sjå merknad nr. 16 under private aktørar.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Det er for langt frå sentrumskjerna til at sentrumsføremål er eit tenleg føremål. Næring kan potensielt tenkjast, men parkering er allereie svært konfliktfylt i høve til naturomsyn.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Omkøyringsveg er ikkje tema i områdereguleringa, jf. KDP Langeset – Stryn – Storesunde og planprogrammet kap 5.4.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Ikkje planfagleg tilrådeleg for å leggje til rette for eit meir kompakt, innhaldsrikt og aktivt sentrum.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Ikkje i tråd med normer og standardar i HB N100 for denne type veg. Kostnadsspørsmålet og gjennomføring er eit politisk spørsmål.</li> <li>Tatt til orientering. For å gjere gatar einvegskøyrde krevjast det skilt, det er ikkje noko ein kan regulere i ein områdereguleringplan.</li> <li>Tatt til følgje. Det er fleire parkeringsplassar som også nyttast til bubilparkering, til dømes Strynehallen. Det er også innarbeidd eit nytt område for bubilparkering aust for sentrum</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Sentrumsføremålet inneheld ei liste over alle tillate føremåle/funksjonar jf. § PBL.</li> <li>Tatt til følgje. Etter ei konkret plan- og arkitektfagleg vurdering og sentrumsanalyse er det valt ei heilskapleg strategi for fortetting og auka byggehøgde i sentrum.</li> </ol>
54	Nedstryn sokneråd v. Margaret V. Flo og Olaug Tunold Aarøen, 09.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Nedstryn sokneråd ber om at det blir sett av areal til kyrkjelydshus i Stryn sentrum. (...) Alternativ plassering som kommunen eig i dag kan vere tomta til "Hesteneshuset", gbnr 57/73, men ber om at det blir regulert inn vegtilkomst frå sør (veg som heiter Rognehaugen).</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Eit av hovudmåla med områdeplanen er å vidareutvikle Stryn med attraktive og varierte tilbod ved å legge til rette for handel, service, tenesteyting og busetting. Foreslått avkjørsle er i konflikt med gang- og sykkelveg og ny regulert vegtrase.</li> </ol>
62	Bringsbygg AS v. Dag Olav Skrivervik, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Av ein eller annan grunn går det ikkje fram av planframlegget at Stryneelva – som del av Strynevassdraget – er et verna vassdrag. Med dei innskrenkingar og eigne føresegnar som gjeld verna vassdrag. Stryneelva er i tillegg eit Nasjonalt laksevassdrag. Dette går heller ikkje fram.</li> <li>I dagens reguleringsplan for Bruagrenda går det fram at dagens elvelinje skal ligge fast / skal ikkje endrast. Då held det ikkje at det i nytt planforslag står: «Det skal ikkje gjerast vesentlege endringar i eksisterande elveside. «(11.7.6) Vesentlege endringar er eit omtrentleg uttrykk. Foreslegen tekst er neppe lovleg jfr. føresegnar for freda vassdrag.</li> <li>Elvelinje – med dagens kantvegetasjon og tilfeldig steinfauna - må ikkje endrast, flyttast eller fjernast. Byggearbeid med gangsti må skje på land over flo-mål. I den grad det er mulig bør gammal naturleg elvelinje gjenskapast ifm planarbeidet med gangsti, - der muring og utfylling frå moderne tid kan reduserast eller fjernast.</li> <li>(...) for utøving av fiske (kveldsfiske) er lysforureining totalt ødeleggande. Dette er særleg ei aktuell problemstilling på strekninga frå Årheimsøy og vidare oppover til enden av planområdet. Lyssetting i dette området må reduserast til eit minimum. I tillegg må lysplan utformast av kompetent hald i samråd med lokal ekspertise (fiske)!</li> <li>BS8 – 6.6.20 - Bringsbygg må- som nabobygget – kunne ha (opp til) 5 etasjar.</li> <li>Det vil vere mulig med parkeringskjellar under planlagt gatetun i Tinggata. Alternativ innkøyring til parkeringskjellar kan vere frå indre Bringskvartal.</li> <li>Åpning av bekkar og bekkefar (6.2.12.). Temaet blir omhandla i planarbeidet men på ein lite offensiv måte. Det må vere ei målsetting å aktivt bruke ressursar (som eiga sak) på å vurdere kvart av dei aktuelle bekkefara for å avklare om nokon kan gjenåpnast.</li> <li>For bustader i Bruagrenda blir det foreslått at frittstående garasje skal vere på maksimalt 40 m2. Kvifor står det ikkje. Der er ikkje grunnlag for andre innskrenkingar i Bruagrenda enn maks 50 m2 som er gjengs for frittstående garasjar ellers.</li> <li>I Bruagrenda skal det vere lov med påbygg/tilbygg men ikkje med fasadeendring. Eg trudde påbygg/tilbygg også var fasadeendring? Alternativet blir at ei planlagt mindre fasadeendring blir auka til eit tilbygg/påbygg som då er lov. Dette heng ikkje i hop. Sjølvsagt</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Planomtale er oppdatert i høve til innspel.</li> <li>Tatt til følgje. Justeringar er innarbeidd i føresegnar og opnar no ikkje for tiltak i elvebreidda.</li> <li>Tatt til følgje. Føresegnene er gjort tydelegare på dette punktet.</li> <li>Tatt delvis til følgje. Føresegnene som omtalar lysforureining er ytterlegare detaljert for å hindre lys mot elva.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Allereie det høgst regulerte arealføremålet. Ytterlegare auke i høgda må eventuelt takast som dispensasjon?</li> <li>Tatt til orientering.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Planen er for overordna til å gå detaljert inn i denne tematikken. Det vert gitt overordna føringar for opning, men dette må ev. følgjast opp gjennom konkrete prosjekt og meir detaljerte planar.</li> <li>Tatt til følgje. Skrivefeil i planframlegg til 1. gongs høyring. Innarbeidd i føresegn 6.2.10.</li> <li>Tatt til følgje. Justering innarbeidd i føresegn 6.2.11.</li> </ol>



		<p>må både påbygg, tilbygg og fasadeendring tilpassast byggestil og omgjevnader i grenda. Og vere lov.</p> <p>10. Som grunneigarar (Bringsbygg AS og Jan Egil Flo) stiller vi oss positive til planane om gatetun i Tingggata. Men vi foreslår at gata i første omgang blir åpen for biltrafikk og (delvis) bilparkering i vinterhalvåret.</p>	<p>10. Tatt til orientering. Sjå merknad nr. 52 Torleif Løken som omhandlar Tinggata under «private aktørar».</p>
63	Stryn Bedriftsbarnehage AS v. Evy M. Rossetvik, 10.06.2021	<p>1. Omtalar gbnr. 57/314 og fremjar ynskje om ei aktivitetspark tilrettelagt for ulike aldersgrupper med spesielt omsyn til ungdomen.</p> <p>2. Setrevegen er til tider ein sterkt trafikkert veg. Veggen går mellom idrettshall, skule, grøntområdet, barnehage og vidaregåande skule. Det er viktig at tilkomst mellom dei ulike områda er oversiktleig og godt merka slik at mjuke trafikanter blir sett og kan kome over veggen utan at det kan oppstå farlege situasjonar.</p> <p>3. Ber om at den midlertidige parkeringsløyisinga ved Strynehallen blir ei fast parkeringsløyising for Stryn Bedriftsbarnehage, og at dette blir teke med i planarbeidet for områderegulering for Stryn sentrum.</p>	<p>1. Tatt til orientering. Gards- og bruksnummeret ligg utanfor områdeplanens virkeområde, men er positivt og anbefalast for vidare utvikling.</p> <p>2. Tatt til orientering. Trafikktryggleik er eit viktig tema i områdeplanen, men trafikktryggingstiltak er ikkje ein del av planen. Det må sjåast i samanheng med eventuelle fartsdempande tiltak og/eller senking av fartsgrense og fell utanfor kva planen kan regulere.</p> <p>3. Tatt til følgje. Parkeringsplassen ved Strynehallen er på dagtid ein felles parkeringsplass for tilsette i kringliggande institusjonar. Dette er vidareført og parkeringsarealet har fått eige føremål (inkludert eigedom 57/73) med tilhøyrande føresegn.</p>
70	Stryn Elveigarlag v. Knut Løvdaal Stauri, 10.06.2021	<p>1. Stryn elveigarlag er positiv til å kople sentrum tettare mot elva med grønt areal og turvegnett. Det forutset imidlertid at det vert tatt nødvendig omsyn til elva som lakseførande elv. Vi minner om at denne delen av elva (Bø-Årheim) har tradisjonelt vore sett på som ei svært viktig elvestrekning for storsjøaurefiske. Den viktige fiskehølen «Tegelen» ligg berre 10 m frå planlagt austre hengebru. Sjøaurefiske er eit typiske kveldsfiske og lysforureining er ikkje ønskeleg. Elveigarlaget ber derfor om at ein revurderer behovet for lyssetting av turvegane langs elva. Det bør også kome klårt fram korleis ein skal sikre kantvegetasjon i den grønne sona og sikre at det ikkje vert gjeve løyve til å sette opp eller utvide bygningar på elvekanten. Vidare må ein sikre at aktivitet langs heile elvestrekninga for områdeplanen ikkje fører til forureining av elv og sjø.</p> <p>2. Forslaget om utfylling i sjø ved Grønevik for areal avsett til kloakkreinseanlegg og kommunalteknisk lager samsvarer ikkje med at «den blå strukturalternativ» dannar viktige premissar for Stryn si stadutvikling. Dette arealet ligg i overgangssona mellom elv og sjø og tiltaket vil vere ei forringing av tilhøva for laks og sjøaure. (...) Utfyllinga ein vil ta vekk som ligg sør om RV15, utgjør berre ein liten brøkdel av det areal som ønskes ut fylt i sjøen for å etablere kloakkreinseanlegget. Vi kan heller ikkje sjå at det i planen er lagt opp til ei vesentleg auke i grønne bufferområder mot elv, og sjølv om ein vil tilrettelegge «for bekkeåpningar der dette er mogleg og tenleg», er vi ueinige i konklusjonen at den samla belastninga på vassmiljøet ikkje vil auke som følge av planen. Stryn elveigarlag går sterkt imot å fylle ut areal i sjø i denne overgangssona. (100 m sona utafor elv-sjø grensa).</p> <p>3. Vi registrerer at det i plandokumentet for Stryn sentrum ikkje er påpeikt at Strynevassdraget og Nordfjord er høvesvis nasjonalt laksevassdrag (NLV) og nasjonal laksefjord (NLF). I konsekvensutgreininga er dette riktignok konstatert, men kva konsekvensar dette skal ha, er etter det vi kan sjå ikkje gjort greie for. Vi minner om at laksebestandar som omfattast av ordninga skal beskyttast mot inngrep og aktivitetar i vassdrag og i nærliggande fjord og kystområde.</p>	<p>1. Tatt til følgje. Føresegna er ytterlegare detaljert i høve til lys, lysforureining og sikring av kantvegetasjon.</p> <p>2. Ikkje tatt til følgje. Lokalisering av kloakkreinseanlegg er uavklart. Om lokaliteten blir nytta er det uklart kor stort arealbehov det vil vere (og kor mykje som må fyllast i sjø). Det er satt plankrav og utgreingar rundt desse tema vert handsama der.</p> <p>3. Tatt til følgje. Innarbeidd og tydeleggjort i plandokumentet.</p>
74	Midtbygg AS v. Sporstøl arkitekter, 10.06.2021	<p>1. Vi ber om at ein ikkje lar illustrasjonsskisser som er utarbeidd i områdeplanen verte bindande med tanke på konkret plassering av eventuelle tilbygg og påbygg på eigedomar.</p> <p>2. I føresegnene til planen for vårt område i pkt 6.6.14 ber vi derfor om ein meir fleksibel ordlyd når det gjeld fastsetting av antal etasjer og maksimal gesimshøgde. Dette slik at ein kan tilpasse eit prosjekt her som er til beste for Stryn sentrum. Konkret då at det ikkje er i «særskilte høve» at punkthus kan oppførast i meir enn 2-3 etasjer. Ordet «avgrensa fottavtrykk» er også utfordrande å forhalde seg til ved prosjektering og byggesak.</p>	<p>1. Tatt til følgje. Illustrasjonsskissene er meint som illustrasjon og viser berre ein av fleire måtar å tilpasse/plassere eventuell ny bygningsmasse.</p> <p>2. Ikkje tatt til følgje.</p>
55	Bekken Strøm v. Inger Lise Sandbakk, 09.06.2021	<p>1. Bekken Strøm si avdeling i Tinggata stiller seg skeptisk til å gjere om Tinggata til gågate. Gata er i dag full av parkerte bilar, og det same er alle nærliggande parkeringsplassar. Vi har kundegrupper som ofte har behov for å ta med seg større mengder varer, der det er behov for å ha bilen nærmast muleg. Vi meiner parkeringsplassane må opprettholdast, og ha skilting med kundeparkering max 2 timar. Vi er ikkje negative til at gata kan bli stengd for enkeltarrangement som td Motorfestival og lignande, men til dagleg må gata vere tilgjengeleg for trafikk.</p>	<p>1. Tatt til orientering. Sjå i samanheng med innspel nr. 52 under private aktørar.</p>
55	Sentrum eiendom AS og Midtby v. Erik Hool, 10.06.2021	<p>1. Våre leietagere som Bekken &amp; strøm, Enten eller Frisør salong, bedriftshelsetenesten, sentrum eiendom og Løken butikk lokale ønsker ikkje at Tinggata blir omgjort til gågate. Årsaken til dette er at deres kunder må/trengjer parkeringsplasser på fremsiden av deres butikklokaler. (...) Omgjøring til gågate vil svekke kundetilgangen og omsetningen til butikkene i tinggata etter vår mening. Min mening er at det er et fint prosjekt men bør holdes til ferie tid / helg. Vi kan fint leve med gågate fredag – søndag i perioder og i ferieperioder som for eksempel juli. Men på helårsbasis og i den «grå kvardagen» så er butikker som Bekken &amp; strøm helt avhengig av at deres kunder (håndtverkerer) kan parkere utenfor butikk lokalet ved handel av arbeids klær etc. Mykje av denne «trafikken» skjer i ukedagene fra mandag – torsdag.</p>	<p>1. Tatt delvis til følgje. Justert i føresegnene slik det i hovudsak er snakk om gågate/gatetun i tidsbestemte periodar og ikkje heile året. Sjå i samanheng med innspel nr. 74 ovanfor og nr. 52 under private aktørar.</p>
78	Stryn Sentrum Bankgården, Flobygget, Flo Eigedom, Parkeringssameiget Heimskringla og Ingrid Simonsen v. Ola Flo, 10.06.2021	<p>1. Ynskjer at det vert opna for bussparkering i sentrum, gjerne der den er i dag med eit bestemt antall i tillegg til ekstra parkering ved o_SPP17.</p> <p>2. Ynskjer at det settast av områder for lading av EL-bilar innanfor detaljhandelssona, peikar på SPP14 som ei god plassering.</p> <p>3. Tidligere omtala SPP14 er i dag regulert til 2 etasjar med parkering og bør også vere det i framtida.</p> <p>4. Bør opnast opp for inntil 10 etasjar på BS12 og BS13.</p> <p>5. Ynskjer at det opnast opp for ein tilbaketrekt 5. etasje på gbnr. 57/190 (BS8) og området vest om Jernia (BS14).</p> <p>6. Ynskjer å flytte byggegrensa mot elv for å setje opp eit 2 etasjes bustadbygg på gbnr. 59/39 sør om 59/20 (BS18).</p>	<p>1. Ikkje tatt til følgje. Omsynet til ei avgrensa bussparkering i sentrum er ivateteke. Utvikling av eit attraktivt sentrumsområde er ikkje i samsvar med å setje av store område til korttidsparkering for bussar.</p> <p>2. Tatt til følgje. Det er anledning til å etablere dette innanfor areal avsett til parkerings- og sentrumsføremål.</p> <p>3. Delvis tatt til følgje. Regulert til kombinert føremål, men innanfor dette føremål kan det etablerast parkering.</p> <p>4. Ikkje tatt til følgje. Må evt. løyasast gjennom dispensasjon og byggesak.</p> <p>5. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegner.</p> <p>6. Ikkje tatt til følgje. I strid med TEK17 og anbefalingar frå NVE.</p>
79	Stryn Handel v. Olav Atle Øvreberg, 10.06.2021	<p>1. Det må settast av tilstrekkelig areal for varehandel i sentrum. Det må vere absolutt krav om at dette arealet skal nyttast til varehandel, servering eller anna publikumsretta tenesteyting (ikkje kontor, bustad, mv.).</p> <p>2. Vi meiner og at det bør vurderast å legge til rette for at det kan etablerast varehandel i område i direkte tilknytning til det definerte sentrumsområdet (diameter 800m).</p> <p>3. Planlagte områder der det kan etablerast plasskrevande varehandel synast vi er for spreidd (fleire områder), og totalarealet meiner vi er for lite.</p> <p>4. Vi meiner at antal gateparkeringsplassar (bilar, bussar, mv.) i Stryn sentrum må oppretthaldast, og at eventuelle parkeringsplassar som blir tekne bort blir erstatta med tilsvarande gate-(utandørs-)plassar innanfor same område.</p> <p>5. I tillegg bør det tilretteleggast for dagparkering for bubilar og campingvogner i sentrum. Det bør også tilretteleggast for døgnparkering av bubilar (f.eks. i tilknytning til campingplass).</p> <p>6. Det er avsett godt med grønt-areal og torg. Vi er derfor i tvil om det er rett å omregulere til gatetun i Tinggata. Dette også med bakgrunn vårt ønske om å oppretthalde og behalde ei god geografisk spreing av gate-parkeringsplassar.</p>	<p>1. Delvis tatt til følgje. Det er sett krav om forretning i 1. etasje, ligg i føresegnene for sentrumsføremål.</p> <p>2. Ikkje tatt til følgje. Uheldig for sentrum om detaljhandelsområdet vert utvida noko særleg.</p> <p>3. Tatt til følgje. Det er opna for plasskrevjande varehandel innanfor fleire arealføremål, gjeld særleg kombinerte føremål.</p> <p>4. Ikkje tatt til følgje. Eit hovudprinsipp i planen er å ikkje leggje opp til fleire gateparkeringsplassar då parkeringsdekninga er god, men styre dei mot kjellarar og felles parkeringsanlegg.</p> <p>5. Tatt til orientering. Det er lagt til rette for etablering av parkering av bubilar ved Strynehallen, samt at det er lagt inn eit nytt område på Skjolden.</p> <p>6. Tatt til orientering.</p>
80	Øvrebergbygget AS v. Aaland arkitektkontor, 10.06.2021	<p>1. Ber om at BS11 vert utvida ca. 4 m mot vest for å muliggjere ei utviding av butikken og legge inn ei ganglinje med takoverbygg langs fasaden.</p>	<p>1. Tatt delvis til følgje. Mindre justering/utviding av BS11 utført i plankartet.</p>

		<ol style="list-style-type: none"> <li>Ynskjer å vidareføre dagens avkøyrslle med tilhøyrande parkeringsareal, samt moglegheit for parkering på nordsida av nemnte avkøyrslle.</li> <li>Ynskjer at det vert opna opp for at ekstra parkeringsplassar ved tilbygg kan løysast med overflateparkering.</li> <li>Ynskjer at det vert opna for å skjule innsynet til avfallshandteringa med le-veggar på grunn krav til veldig stor takhøgde med containerar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Dagens avkøyrslle med tilhøyrande parkeringsareal vert ikkje fjerna som følgje av planframlegget.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Bør løysast ved frikjøp eller felles parkeringsanlegg. Eit hovudprinsipp i planen er å ikkje leggje opp til fleire gateparkeringsplassar då parkeringsdekninga er god.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Innspelet er for detaljert og må løysast i detaljplan eller ved byggesaksdispensasjon.</li> </ol>
81	Havnen AS	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tilrår at stenging av Tinggata mellom Tonningsgata og Rognehaugen vert teke ut av planen og at dagens ordning med stenging i samband med store arrangement kan vidareførast.</li> <li>Ber om at det blir tillate å bygge på to etasjar på eksisterande bygg i Tinggata 15.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Parkeringskapasiteten samla sett for sentrum er tilfredstillande, og færre kryss i sentrum vil forbetre trafikk situasjonen. Sjå i samband med liknande innspel som omhandlar Tinggata.</li> <li>Tatt til følgje. Føresegn for BS11 tillatar inntil 4 etasjar, altså to meir enn eksisterande bygg.</li> </ol>
82	Parkeringsanlegget Heimskringakvartalet, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ber om at det blir teke inn i planen høve til å bygge ein ekstra etasje på dagens parkeringsanlegg i Heimskringlakvartalet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. I tråd med overordna grep i planframlegget.</li> </ol>
89	Visit Nordfjord AS, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Støttar opp om utviklinga av eit bærekraftig aktivt sentrum der ein ser alt i ein heilskap, med gode omforeinte og langsiktige strategiar med konkrete løysningar for å utvikle reiselivet i regionen (...) Det samlande bildet viser at det er eit stort behov for å ha fokus på estetikk i kommunen, fordi dette kan ha stor innverknad på resultatet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering.</li> </ol>
90	Nordfjord Trafikk v. Espen Dispen, 11.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ynskjer at det vert sett av areal for gjennomføring av førarprøvar på traktor i nærleiken av sentrum.</li> <li>Ynskjer at det vert sett av areal for gjennomføring av teknisk/praktisk opplæring for to-hjuls køyretøy i sentrum med tanke på at arealet dei har brukt framfor Stryn Brannstasjon ser ut til å få ei anna bruk i framtida.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Innanfor planområdets avgrensing er det knapt med areal til framtidig utvikling og endring. Eit slikt tilbud må evt. lokaliserast utanfor.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Innanfor planområdets avgrensing er det knapt med areal til framtidig utvikling og endring. Eigna areal må evt. avtalast utanfor planframleggets virkeområde.</li> </ol>
94	Stryn Venstre, 10.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ein må i planarbeidet legge til rette for at RV-15 i framtida kan leggest utanom sentrum. Langs elva er ikkje eit alternativ.</li> <li>Ein må dimensjonere båthamna i ein storleik som imøtekjem større båttrafikk i framtida, blant anna som følgje av den planlagde Stad Skipstunnell som kan skape meir båttrafikk frå Møre og inn fjorden.</li> <li>Arbeidssenteret treng meir plass for utstyr / hjelpemiddel, og treng å flytte nærmare sentrum. Også for å frigi noverande plassering til bedriftene som allereie ligg der.</li> <li>Brannstasjonen på Petterneset må flyttast og området brukast på ein måte som gjev oss elva tilbake.</li> <li>Vere meir bevisst på arkitektur / estetikk. Få bort plasthallane og dei firkanta «klossane», og i alle fall langs elva (her tenkjer vi kanskje 50 år fram).</li> <li>Det er viktig å kartleggje skikkelig tilhøva kring artsmangfald og å ivareta dette. Ein må ta omsyn til laksen i elva – yngling og «løkjane» langs elva der laksen går inn for å gyte.</li> <li>Ein må leggje til rette for merka turstiar som startar og sluttar i sentrum.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Dette er ikkje tema i denne planen. Å ta omsyn til ei eventuell omlegging av RV 15 i framtida innanfor planområdet vil innebere bandlegging av sentrumsområde. Ei omlegging av RV 15 gjennom Stryn sentrum vil vere naturleg å vurdere i eiga plan der ulike alternativ og konsekvensar blitt sett i samheng.</li> <li>Tatt til orientering. Innanfor forventa levetid for planen vurderer ein at område avsett til båthamn er tilstrekkeleg.</li> <li>Tatt til orientering. Arbeidssenteret kan etablerast på fleire ulike område innfor gjeldande sentrumsfremål</li> <li>Tatt til følgje. Flytting av brannstasjonen og endra formål av «Petterneset» er omtalt i planen.</li> <li>Tatt til orientering. Vanskeleg å legge gjennomgåande føringar for arkitektur/estetikk. Kommunen skulle ha fulgt opp mellomelse bygg.</li> <li>Stryn kommune har gjort mykje arbeid (i samarbeid med NVE og grunneigarane) med å opne opp att gamle kroksjøar og elles legge til rette for at laksen skal ha betre gytlemoglegheiter i Stryneelva.</li> <li>Tatt til følgje. Planframlegget legg til rette for nettopp det.</li> </ol>
109	Stryn Næringsssamskipnad og Stryn Næringshage, 18.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Badeplass må innarbeides med sikker tilkomst for myke trafikantar, og god parkering. Område som er best egnet slik vi ser det er bukta vest for studioområdet. Den gamle kunstgressbanen må legges inn som et attraktivt område for nye aktiviteter og opplevelser, spesielt knytte til barn og unge.</li> <li>Bussoppstilling bør flytte fra nåværende busstasjon område for å frigjøre areal til annen type aktivitet. Det er mye «luft» på området idag, og kan utnyttes langt bedre. Arealet bør kunne nyttas til detaljhandel eller plasskrevende varehandel.</li> <li>Område rundt brannstasjonen må i denne planen bli sentrum sin «stortue». Det må gis åpning i planen for å etablere alle typer virksomhet utenom industri, og må derfor ikke begrenses i planen. Plassen må også tilstrebes å ikke bli bygd inne. Det må være et område for allmenheten.</li> <li>Stryn kommune har for få «varme» senger. Dette må innarbeides i planen, og legges til rette for nyetableringer.</li> <li>Per Bolstad Plass må revitaliseres. Sentrumsplanen må være mer presis ift framtidig bruk. Det må skapes mer aktivitet på plassen. Per Bolstad plass må ses i samheng med området bak heradsheim, og ned mort elva. Planen må gi stor grad av handlingsrom for aktivitet.</li> <li>Sentrumsplanen må omhandle tomme lokaler i sentrum. Selv om dette i stor grad er privat eide lokaler, bør planen i større grad ta inn i seg hvordan utnytte all bygningsmasse.</li> <li>Sentrumsplanen må ta inn over seg den forventede økningen i bil og tungtransport som vil komme etter at ny tunell Rv15 Strynefjellet er på plass. Det må innarbeides løsninger for parkering i miljøgata, flere parkeringsplasser i sentrum, og en framtidig vurdering av avlastningsveg for tyngre kjøretøy. Parkering i kjeller eller i høyden vil dette fordyre byggeprosjekter vesentlig. Slike krav må forvaltes pragmatisk for å hindre at gode prosjekter stoppes.</li> <li>Det er delte meninger om gågate i sentrum. Det må tilrettelegges for at handelen og aktiviteten i sentrum er mest mulig optimal. Det bør vurderes sesongbasert gågate i sommermånedene. Tinggata kan være et mulig alternativ.</li> <li>Sentrumsplanen må ta inn i seg hvordan sentrum skal utvikles ift byggeskikk og estetikk. Vi tror Stryn sentrum er tjent med å kunne i større grad vurdere estetiske vurderingen i den videre utviklingen av sentrum.</li> <li>Det bør legges inn i planen dagparkering for biler som ønsker parkering for å bruke noen timer i sentrum til handling, restaurantbesøk eller andre opplevelser. Det bør tilrettelegges med strømtilkobling.</li> <li>Det må innarbeides langt flere områder i planen for ulike typer ladestasjoner for elbiler. I dag er kapasiteten sprengt, og vi er redd for at dette vil skape an avvisningseffekt for besøkende til kommunen.</li> <li>Sentrumsplanen må være fleksibel med tanke på etablering av detaljhandel og plasskrevende varehandel. Vi anbefaler at grense utvides både fra sentrum og ut til Vik, samt hele området på Visnes. Vi mener også at angitte grenser som er foreslått i planen er en sterk innskjerping, og skaper ikke rom for framtidig vekst i sentrum.</li> <li>Framtidig utvikling av området rundt Strynehallen og Stryn videregående skole vil kreve mer areal til ulike formål. Bl.a. mer parkeringsplasser. Arealet nord for Strynehallen må omreguleres til andre formål enn det er idag (Tonningshaugen 1, 57/9). Planene for framtidig hub i område ved Stryn videregående skole vil kreve mer p-areal</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Ligg slik i planframlegget.</li> <li>Tatt delvis til følgje. Planen opnar for dette, men det krev at det vert funnen nytt sentrumsnært areal for bussoppstilling. Noko slikt areal er regulert inn sør for idrettshallen.</li> <li>Tatt til følgje. Planen opnar for slik utvikling i dette området.</li> <li>Tatt til følgje. Planen opnar for hotell på fleire tomtar i sentrum.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Planen er ein områdeplan og ikkje eigna til like detaljerte vurderingar, men arealføremålet opnar i seg sjølv opp for mykje forskjellig aktivitet.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Planen er ein områdeplan og ikkje eigna til like detaljerte vurderingar</li> <li>Tatt til orientering. Dei fleste av desse momenta er handsama i planen. Det er ein viss fleksibilitet ved etablering av parkering</li> <li>Tatt til følgje. Tinggata er gjort til gatetun i planframlegget</li> <li>Tatt delvis til følgje. Planen omhandlar dette generelt, tilpassa planen sitt overordna nivå.</li> <li>Tatt delvis til følgje. Planen kan ikkje fastsette skilting, men har vurdert at deler av parkeringa med idrettshallen kan ha ein slik funksjon i sommarmånadene</li> <li>Tatt til følgje. Det er krav til at 10 % av alle parkeringsplassar skal ha lademoglegheit og det kan etablerast lading for el-bilar innanfor føremålet parkering og sentrumsfremåla.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Dette vil vere i strid med regionale og nasjonale føringar. Planen opnar likevel for ein del fleksibilitet på dette feltet.</li> <li>Tatt til orientering. Planen opnar for noko slikt areal. Effektivisering av arealbruken i området er truleg også mogeleg, mellom anna ved parkering i høgda. 57/9 er verneverdig og arealet kan ikkje omdisponerast.</li> </ol>
<b>Høyringsinstansar:</b>			
7	Statens Vegvesen v. Transport og samfunn, 01.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Generell kommentar til føresegnar i områdeplanen er at det må stillast krav om at alt som vedkjem offentlig veg skal planleggast og byggast i samsvar med krav i handbok N100. Eventuelle fråvik frå N100 skal vere godkjend av aktuell vegeigar (kommune, fylke, stat) før planen vert lagt ut på høyring.</li> <li>Kommunen sin trafikkikkerheitsplan bør knytast saman med, og forankrast i områdeplanen.</li> <li>Føresegnene må sikre at sektormyndigheiter skal ha situasjons- og utbyggingsplanar i områder utan krav om detaljregulering til</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 7.1.3.</li> <li>Tatt delvis til følgje.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegnar.</li> </ol>

		<p>uttale før kommunal godkjenning blir gjeve.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Områdeplanen må vere spesifikk på kva type veg, (kommunal-, fylkeskommunal- og statleg-veg) føresegner gjeld. I si noverande utforming er det t.d. uklart om føresegner knytt til byggegrenser mot veg gjeld alle typar veg uavhengig av kven som er eigar.</li> <li>Byggegrenser langs rv. 15 må vise målsette langs riksvegen. Generelt vil vi stille krav om byggegrenser på minimum 20 meter frå vegmidte langs rv. 15 der planen viser nye trasear for gang- og sykkelveg. Byggegrense på minimum 20 meter må gjerast gjeldande for alle ubygde areal på sørsida av rv. 15 til Riise bru. Krav om byggegrense min. 20 meter gjeld ikkje i Miljøgata. Her skal byggegrense mot riksvegen vere avklart med vegvesenet før kommunal godkjenning av planar.</li> <li>Føresegn 6.1.3 er uklar. For byggegrense mot veg må det spesifiserast at det ikkje kan oppførast bygningar og konstruksjonar nærare veg enn den byggegrensa som er vedtatt i godkjend plan.</li> <li>Siktsoner i kryss og avkøyrslar langs rv. 15 skal vise i plan og forankrast i føresegner. Føresegner må også sikre at siktsoner skal samsvare med krav i N100. Det må etablerast tiltak mot parkering der bakende, eller framende, på køyretøy stikk ut i siktsona. Dette gjeld særskilt køyretøy type trailer og bubil.</li> <li>For å sikre finansiering av anlegg for mjuke trafikkantar i byggeområdet som manglar dette, bør kommunen vurdere å stille krav om finansieringsavtalar med utbyggjarar for at desse blir forplikta til å bidra økonomisk til formålet.</li> <li>Ved fortetting/utbygging av arealet vidare austover mot Riise bru, må det stillast krav om tilrettelegging for mjuke trafikkantar med eit avgrensa tal på gode kryssingspunkt til eksisterande GSV på nordsida av rv.15.</li> <li>Parkeringsplass o: SPP17: Føresegn 7.11.3 må sikre trygt kryssingspunkt for mjuke trafikkantar over rv.15. Det bør stillast rekkefølgekrav om at dette skal vere etablert før bruksløyve.</li> <li>Veggrunn som andre bygger, og Statens vegvesen skal overta, skal vere heimla i ein gjennomføringsavtale mellom utbyggjar og Statens vegvesen. Denne avtalen skal vere signert av begge partar før planlegging og utføring startar.</li> <li>Stryn kommune har generelt gjort eit godt arbeid med områdeplanen for sentrum. Vi finn den tilfredsstillande i høve nasjonale og regionale målsettingar med fortetting av sentrum og med fokus på eit sentrum tilpassa alle trafikkantgrupper. Vi stiller likevel spørsmål ved om planen er detaljert nok til at ein ved gjennomføring av utbyggingsprosjekt kan gå rett på byggesak utan krav om reguleringsplan.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt delvis til følgje.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegner og plankart</li> <li>Tatt til følgje. Justert</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i plankart.</li> <li>Tatt til orientering. Må takast i den einskilde saka.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i plankart.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn.</li> <li>Tatt til orientering. Det er mange arealføremål med detaljreguleringskrav, men mange er også utan plankrav. Det er sett krav til at alt som vedkjem offentleg veg skal planleggast og byggast i samsvar med krav i HB100.</li> </ol>
14	Kinn kommune v. IKS Folkehelseavdeling, interkommunalt samarbeid, 03.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Planframlegget beskriv folkehelsefremjande tiltak som fremjar auka fysisk aktivitet, der ein har fokus på fortetting av sentrum, tilrettelegging av tur- og sykkelstiar. Folkehelseavdelinga finn at Stryn kommune har jobba godt med planframlegget og ønskjer lykke til i arbeidet vidare.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering.</li> </ol>
15	Mattilsynet avd. Nordfjord, 04.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vi har ingen merknader til saka på dette stadiet i prosessen. Vi antek at VA-rammeplanen ikkje er ferdig, sidan vi ikkje kunne finne den som vedlegg i saka. Om dette ikkje stemmer, ber vi om å få VA-rammeplanen tilsendt.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. VA-rammeplan vart ikkje ferdigstilt på tidspunkt for utlegging av planframlegg til 1. gongs høyring, men ligge føre ved 2. gongs offentleg ettersyn.</li> </ol>
29	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) v. Toralf Otnes, 08.06.2021	<ol style="list-style-type: none"> <li>NVE har motsegn (jf. PBL §5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at fare for område-skred av kvikkleire ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Dersom Stryn kommune syter for å få utgreidd skredfare, og innarbeider konklusjonane i planen, fell grunnlaget for motsegna bort. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017.</li> <li>Det er eit viktig prinsipp til avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» side 12. Nokre få område skal detaljregulerast før arealbruken kan realiserast, men de legg opp til byggesakshandsaming med grunnlag i områdereguleringsplanen for størstedelen av planområdet. Sidan reell naturfare skal avklarast på siste plannivå betyr det eit omfattande arbeid med farekartlegging i planområdet.</li> <li>De bør ha med i 11.2.4 at tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 ikkje kan plasserast innanfor omsynssone H310_1000 slik at strukturen på føresegnene vert nokon lunde eins.</li> <li>Til omsynssone H310 som i følgje føresegnene baserer seg på aktsemdkart så vert det stilt krav om fagkyndig utgreiing av skredfare før det kan gjevast løyve til tiltak. Dette er å utsette avklaring av reell fare til byggesaka, noko som er i strid med prinsippa nemnd lenger oppe i brevet her. Så langt vi kan sjå av plankartet er det berre eit område ved Grønevika at reell skredfare ikkje er avklart. Størstedelen av dette området er regulert til landbruksareal (L). I tillegg ligg eksisterande riksveg, BKT1 (andre kommunaltekniske anlegg), og BFF2 (ein fritidsbustad) innanfor. Desse siste ser ut til å vere bygde. Vi rår dykk til å avklare reell skredfare for desse byggeområda også.</li> <li>Vi saknar ei presis opplisting av kunnskapsgrunnlaget, jf. kapittel 8 i ROS analysen. De bør gi opp alle dei skredfarerapportane som ligg til grunn for planframlegget. Vi minner og at de må sende desse saman med planframlegget når de sender planen på høyring til oss. Grunnlaget for fastsetting av faresoner for deler av området frå Grønevika-Fløhammaren har vi ikkje hatt tilgang til.</li> <li>Etter vår vurdering er alt areal i planområdet no kartlagt i høve til flaum frå vassdrag og sjø. (...) Ei omsynssone oppå ein lukka bekk har avgrensa verdi, då flaumvegen sannsynlegvis vil ta andre vegar. Vi meiner at de må avklare dette i planen.</li> <li>I føresegnene § 11.3.2 bør de referere til tryggleiksklasse F1 og F2, ikkje sone F1 og F2. Føresegnene bør og gi flaumsikre høgder.</li> <li>Vi vil tru det kan vere vanskeleg å få til samanhengande nyopna bekkeløp om det berre skal vurderast for kvar eigedom/tiltak/byggesak. Det trengst etter vårt syn noko meir heilskapleg planlegging av blågrøne strukturar. Sjå og det vi skriv nedanfor om samanhengande flaumvegar. Vi vil her skyte inn at dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing bør inngå i lista i planomtalen kapittel 4.1.1.</li> <li>NVE rår til at de nyttar 3-trinnstrategien for å handtere overvatn. Vi oppmodar dykk om å innarbeide eit avsnitt om overvatn i planomtalen der de gjer greie for dette som ein hovudstrategi for handteringa. Som de kan sjå kjem trinn 0 som eit tillegg, og det handlar om god planlegging. De bør difor bruke plansystemet systematisk til å sikre ei god handtering av overvatn. Trinn 3 handlar om å (ved ekstreme regn) sikre samanhengande og trygge flaumvegar for avrenning av dei små nedslagsfelt til resipient, dvs. sjø eller vassdrag. Dette greier de ikkje å få til berre ved å sette krav til handtering på den einskilde tomt/tiltak.</li> <li>Ein områdereguleringsplan som denne planen er eit ideelt plannivå for heilskapleg handtering av overvatn og sikring av samanhengande flaumvegar. Vi rår dykk difor til å legge litt meir arbeid i dette. (...) Samanhengande flaumvegar på overflata bør de markere i plankartet, og sikre i føresegnene slik at utbygging ikkje skjer der skade kan oppstå, og slik at flaumvegane ikkje blir stengde. Kartlegging vil og kunne nyttast til å vurdere i kva grad det er naudsynt å sette krav til infiltrasjon og dryging av avrenning i dei ulike områda, og om det er vassvegar som bør opnast opp.</li> <li>Planområdet ligg under marin grense. I område under marin grense kan ein ikkje sjå vekk frå førekomstar av kvikkleire. ROS analysen tek opp dette. Som avbøtande tiltak ser vi at føresegnene skal sette krav til gjennomført konkret farevurdering av dertil kvalifisert fagleg kompetanse i område som er omfatta av aktsemdområde for kvikkleire før tiltak vert sett i gang. Den aktuelle</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. I aktsemdområde for kvikkleire vil verte stilt krav om detaljreguleringsplan og at fare vert utgreidd som del av denne, fram til det er utført samla farevurdering for sentrum.</li> <li>Tatt til orientering.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 11.2.4.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Plankrav er sett på o_BKT som einaste nye tiltaksområde i området. Denne planen er altså ikkje siste plannivå.</li> <li>Tatt til følgje. Opplisting av kunnskapsgrunnlag er oppdatert med lenker til relevante rapporter.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Føresegnene som går på bygging innanfor faresona og opning av bekken frå KDP er tatt inn i områdeplanen.</li> <li>Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 11.3.2. Flaumsikre høgder er innarbeidd i føresegner tilknytt arealføremåla.</li> <li>Tatt delvis til følgje. Planen legger til rette for bekkeopning på sikt, men dette må gjerast på eit meir detaljert nivå enn det som er høve til i ein overordna plan. Lista er oppdatert.</li> <li>Tatt delvis til følgje. Innarbeidd i planomtalen på bakgrunn av VA-rammeplanen.</li> <li>Tatt delvis til følgje. Innarbeidd i planomtalen på bakgrunn av VA-rammeplanen.</li> <li>Tatt til følgje. Nemnte føresegn er tatt ut av planframlegget.</li> </ol>

		<p>føresegn finn vi i føresegnene § 4.1.3. Planframlegget si handtering av fare for områdeskred av kvikkleire er i strid med prinsippa nemnd ovanfor. Reell skredfare er utsett til byggesaka, og fareområde (ikkje friskmelde areal) er ikkje markert i plankartet med omsynssone.</p> <p>12. I NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiareren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. Vi rår dykk til å sette slike krav i føresegnene til planen, sjølv om ROS analysen skulle konkludere med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire.</p> <p>13. Føresegn 2.7.2 om byggegrense mot vassdrag: NVE er i utgangspunktet positiv til innhaldet i føresegn. Vi har likevel nokre kommentarar til innhaldet. Det er kanskje unødvendig å krevje ei konkret farevurdering for tiltak nærare vassdraget enn 100 meter då reell flaumfare er avklart i planen. (...) Vi meiner difor at det er rett å sette eit krav i føresegnene om at tiltak i flaumsona ikkje skal påverke flaum- og erosjonsfaren, og at tiltakshavar må dokumentere dette. Ei slik føresegn kan like godt knytast til omsynssone H320.</p> <p>14. Samla sett er vi noko usikre på relevansen til føresegn 2.7.2 i dette tettbygde og detaljert regulerte arealet. De kan kanskje heller vurdere å fastsette tenlege byggegrenser i plankartet der det ikkje alt er gjort.</p> <p>15. Lengst aust i planområdet går ein kort strekning av SFE nett sin kraftleidning innanfor planområdet. De har ikkje følgd opp vårt innspel i planen. Vi legg til grunn at det følgjer det opp før planen vert slutthandsama.</p>	<p>12. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 4.1.3.</p> <p>13. Tatt til følgje. Det om konkret farevurdering for tiltak nærare enn 100 meter er tatt ut av føresegn 2.7.2, at tiltak innanfor flaumsona ikkje skal påverke flaum- og erosjonsfaren er innarbeidd i føresegn 11.3.3.</p> <p>14. Tatt til orientering.</p> <p>15. Tatt til følgje. Ved en glipp har det i planframlegget til 1. gongs høyring blitt satt til H370 i plankartet i føresegn for regionalnettet. Regionalnett er endret til H740 i føresegn og plankart.</p>
67	Bane NOR eigedom AS v. Håvard Bergsagel, 10.06.2021	<p>1. Bane NOR Eiendom AS er eier av eiendom innenfor o_BAA3. Vi har ikke registrert å ha mottatt særskilt varsling av planframlegget.</p> <p>2. Dagens bruk er rutebilstasjon for buss, men framtidig behov knyttet til dette formålet er uavklart. Vi har pågående dialog med Fylke vedr. framtidig bruk av eiendommen.</p> <p>3. Vi ser at arealet har et utviklingspotensiale, og ønsker at kommunen vurderer et mer utviklingsorientert formål – som i større grad kan bygge opp om ønskede sentrums-kvaliteter. (...) En høyere utnyttelse, samt en miks av bolig/næring/tjenesteyting kan i større grad bidra til å styrke sentrum.</p> <p>4. Vi vil be om at formål og utnyttelse fastsettes gjennom en framtidig detaljregulering. Områdereguleringen bør stille krav om detaljregulering og kvalitative krav som detaljreguleringen må svare ut. Det at områdereguleringen setter tydelige rammer for dagens bruk som kollektivterminal er positivt.</p>	<p>1. Tatt til orientering. På dok. Nr 18/685-113 står det at Bane NOR fekk brev via SVARUT, ekspedert 26.04.21.</p> <p>2. Tatt til orientering.</p> <p>3. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 1.2.1 og 6.26.3, samt auka utnyttning frå %-BYA=25% til %-BYA=75% i plankart.</p> <p>4. Delvis tatt til følgje. Krav om detaljregulering ved omdisponering til næring.</p>
38	Stryn ungdomsråd v. Jannike Sunde, 09.06.2021	<p>1. Ungdom ønsker meir skjerma områder i sentrum. Dei plassane som er/vert tilrettelagt for å opphalde seg, som badeplass i Vik, Per Bolstad Plass eller Kulturhusparken, kjennes opne og lite tilrettelagt ut. Ungdomen ønsker ikkje å «sitje på utstilling». Det vert ofte lagt vekt på at områder eller tilbud skal «passe for alle», men då endar man opp med at det vert lite interessant, og passar for ingen. Det er viktig å tørre å satse på ulike målgrupper og gjere areal og tilbud attraktive og spesielle, både i utforming og type tilbud. Ungdom ønsker plassar dei kan opphalde seg, både ute og inne. Brannstasjonen/ Petterneset er eit område som ungdom ønsker kan bli tilrettelagt for aktivitet og møteplass for ungdom.</p> <p>2. Ungdomsrådet meiner at det må leggest til rette for aktivitetsanlegg i sentrum. Til dømes på den gamle kunstgrasbana i Stryn.</p> <p>3. Ungdom etterlyser fleire plassar i sentrum som dei kan halde på med aktivitet som ikkje er konkurranseprega, som tennis og badminton, og liknande.</p> <p>4. Ungdområdet meiner at kommunen må legge til rette for at dei som har interesse for bil og motor kan få ha eit miljø og ein fellesskap.</p> <p>5. Ungdområdet er positive til forslaget om tursti langs elva, og påpeikar at ein også må utbetre/trygge tilkomst langs rv 15.</p> <p>6. Ungdområdet vil ikkje flytte ungdomsskolen, men etterlyser opprusting og opparbeiding av uteområder snarast.</p> <p>7. Ungdområdet meiner at ein ikkje skal bygge for høge bygningar i sentrum, og at dagens bygningar er «høge nok». Samstundes kan ein nytte takareal betre, for takterrasser, grønne områder eller liknande. Alle bygningar bør ha parkeringsmuligheter knytt til parkeringskjeller eller hus.</p> <p>8. Ungdområdet meiner at det ikkje bør brukast meir areal for tilrettelegging av parkering i sentrum, men at ein kunne vore flinkare til å skilte til parkeringsmoglegheiter som vi har.</p> <p>9. Ungdområdet er positive til å flytte småbåthamna lenger mot sentrum, og ønsker badebrygge.</p> <p>10. Alle områder som legger til rette for aktivitet/samankomstar må ha mulighet for sykkelparkering.</p> <p>11. Ungdområdet er positive til å opne den 4. armen i rundkøyringa.</p> <p>12. Ungdområdet meiner at dersom det kjem til eit spørsmål om kven som må vike av Stryn omsorgssenter og Tonning barnehage, er det klart viktigst å prioritere at Tonning bhg får areal i sentrum. Sentrumsnær barnehage vil truleg redusere biltrafikk, og gjere det tryggare å ferdast i Stryn. Mange bur og arbeider i sentrum, og det vil vere praktisk å levere i barnehagen i sentrum. Ungane i barnehagen nyttar sentrumsnære fasilitetar, og lærer å ferdast i trafikken.</p> <p>13. Stryn ungdomsråd kjenner til at det vil bli ein betydeleg andel eldre i Stryn, og erkjenner at det vert ei utfordring å tilby tenester i det omfang som blir forventet, men meiner likevel at dei som er sjuke/pleietrengande/demente truleg ikkje vil ha særleg stor glede eller behov av å bu i sentrum, og at det er betre at dei får eit bu/behandlingstilbud i områder utanfor sentrum som er meir skjerma og betre tilrettelagt for deira sine behov.</p> <p>14. Stryn har ikkje mange leikeplassar eller areal som er tilrettelagt for barn eller familiar, difor er det mange som nyttar uteområder knytt til skule og bhg i feriar eller helgar. Dersom ein flyttar desse lenger vekk frå sentrum vert det endå færre stadar i Stryn som barn kan leike og ferdast trygt.</p>	<p>1. Tatt til orientering. Viktige poeng som har vore vurdert og diskutert med representantar frå ungdomsrådet i prosessen. Blir viktig å huske på i dei vidare prosessane for etablering og tilrettelegging av område tiltenkt bruk for barn og ungdom.</p> <p>2. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 6.16.1.</p> <p>3. Tatt til følgje. Det er opna for aktivitetspark og på området nord for den vidaregåande skulen er det lagt inn moglegheit for midlertidig tilrettelegging for aktivitet.</p> <p>4. Ikkje tatt til følgje. Utfordrande å løyse dette i områdeplanen, men det vert oppmoda om å forsøke å løyse dette via andre prosessar.</p> <p>5. Tatt til orientering. Politkarane tok ut gang- og sykkelvegen langs med RV 15 mot Staveneset ved vedtak av kommunedelplanen.</p> <p>6. Delvis tatt til følgje. Ungdomsskolen vert ikkje flytta i planframlegget. Opprusting og opparbeiding er ikkje tema for områdeplanen.</p> <p>7. Delvis tatt til følgje. Byggehøgda er auka i områdeplanen, men det er lagt til rette for parkering i kjellarar og parkeringshus i plankart og føresegn.</p> <p>8. Tatt til følgje. Det vert ikkje etablert nye overflateparkeringsplasser i sentrum og parkering søkast fortrinnsvis lokalisert til kjellarar.</p> <p>9. Tatt til følgje. Ønskje om badebrygge tilknytt småbåthamna er innarbeidd i føresegn.</p> <p>10. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 2.21.6.</p> <p>11. Tatt til orientering.</p> <p>12. Tatt til orientering. Barnehagen vert ikkje relokalisert gjennom planframlegget og ligg der den er i dag.</p> <p>13. Ikkje tatt til følgje. Blant anna på bakgrunn av dei økonomisk positive ringverknadene av å ha eit sentralisert behandlingstilbod.</p> <p>14. Tatt til følgje. Areal til leikeplasser/uteopphaldsareal tilrettelagt for barn og unge er implementert føresegn 2.18 og 2.19.</p>
95	Bergen sjøfartsmuseum 04.06.2021	<p>1. Bergens Sjøfartsmuseum krev undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.</p>	<p>1. Tatt til følgje. Føresegnene tilknytt o_BKT1 og VS5 er justert til å omfatte krav om dokumentasjon før tiltak kan godkjennast.</p>
95	Vestland Fylkeskommune 10.06.2021	<p>1. Områdeplanen sine mål om fortetting, utvikling av sentrum, fokus på mjuke trafikantar og forsterke dei blågrønne strukturane i sentrum er i samsvar med mål for regional sentrumsutvikling i Vestland. Det er positiv at planen set ei grense for detaljhandel, dette er i tråd med regional planføresegn om lokalisering av handel.</p> <p>2. Det er både eit nasjonale og regionale mål å redusere omdisponeringa av dyrka mark. Områdeplanen legg opp til om disponering av dyrka mark hovudsakleg ved BF1, BF2, BFS26, BBB2 og o_SPP17. Gjennom planen kjem det fram særleg eit behov for plasskrevjande varer. Dette arealet (BF1 og BF2) ligg i dyrka mark. Det kjem ikkje fram kor stor trong det er for areal, om behovet som er lagt inn er det reelle eller om det er for å sikre seg for eit framtidig behov. Vi føreset at det vert laga ein plan for disponering/ flytting av</p>	<p>1. Tatt til orientering</p> <p>2. Tatt til følgje. Trong for areal er gjort greie for, føresegn 2.15.3 følgjar opp punktet om ivaretaking av matjord.</p>

	<p>matjorda.</p> <p>3. Parkering for turist- og rutebussar (o_SPP17) er lagt i omsynssone naturmiljø frå kommunedelplanen Langeset- Stryn- Storesunde. Omsynssonene er for slåttemark og rik sumpskog, begge er vurdert til verdien A- svært viktig. Vi sakar ein omtale av kvar dei alternative plasseringane er og korleis dei er vurdert opp mot den valte plasseringa. Denne plassering har store negative konsekvensar for naturmiljøet og jordressursar. Den vil fragmentere natur- og jordverdiane ytterlegare. Vi rår sterkt frå denne plasseringa av parkeringa.</p> <p>4. Plasseringa av parkeringshuset o_SPH er uheldig og vil stenge av for ein heilskapleg tverrgående struktur frå elva til bustadfeltet. Fleire av tverrgatene i sentrum bør vurderast som gatetun med grønne drag.</p> <p>5. Vi vil òg rår til å vurdere moglegheitane for ei grøn ferdselsåre mellom idrettsanlegget og den vidaregåande skulen. I BFS1 bør det òg regulerast inn meir grønstruktur.</p> <p>6. Planen legg opp til turveg delvis langs fjorden og elva. Av føresegnene kjem det fram at turvegen skal gå langs fjorden ved BAA2 og BKB8. Dette bør òg sikrast i plankartet. Vi kan ikkje sjå at det er gjort greie for om etablering av gangveg langs elv/sjø vil medføre utfylling. Om utfylling er nødvendig bør planen konkretiserer dette og omtale kva konsekvensar dette vil få på økologisk tilstand.</p> <p>7. Bekkeopninga i planen bør konkretiserast nærare og visast i plankartet. Som døme nemner vi bekkane som er i H320_5 og H320_6, BFK26, og bekken ved BFS36 og o_GKG. Ved å opne desse vil dei blågrøne strukturane i sentrum strykast.</p> <p>8. BUN8 ligg i den naturleg kantsona til Stryneelva. Å plassere naust rett ved grøntområde kan verke privatiserande. Dersom det er eit behov for naust her rår vi til berre tillate fellesnaust. Fellesnaust vil gje ein mindre privatiserande effekt.</p> <p>9. Fylkeskommunen gjer merksam på vassførekomsten Kjeldeflata-Tonningsleira (vann-nett-ID 088- 138622-L) som har moderat økologisk tilstand. Vassførekomsten ligg utanfor planområdet, men i Vann- nett er det føreslått tiltak med å betre vassutskiftninga med Strynebukta (tiltaksID 5109- 1377-M), som kan gjere det nødvendig å bruke deler av planområdet. Planen bør ikkje vere til hinder for å gjennomføre tiltaket.</p> <p>10. Planlagt gangsti o_GT21 kjem i direkte konflikt med sikringssona til bautasteinslokalteten H730_5 (Askeladden id 139570). Fylkesdirektøren meiner det er viktig å gjere minst moglege inngrep ved bautasteinen som kan verke skjemma på omgjevnadane til kulturminnet. Vi ber derfor kommunen vurdere om det er moglege å legge gangstien lengre i frå, og på austsida av bautasteinen.</p> <p>11. Når det gjeld H730_3 (Askeladden id 146678) så er denne ikkje lenger freda. Lokaliteten inneheld busettingsspor frå jernalderen og vart undersøkt og grave ut i 2011. Stryn kommune kan derfor ta bort det bandlagte området H730_3 frå plankartet.</p> <p>12. Vi registrerer vidare at berre ein liten del av det automatisk freda kulturminnet id 142350 ligg inne som bandlagt H730_4 i plankartet. Vi meiner det er uheldig at ikkje heile lokaliteten er med.</p> <p>13. Vestland fylkeskommune har elles varsla og planlagt at det skal gjennomførast § 9 undersøkingar for enkelte nye område i planen. Vi gjer merksame på at fylkeskommunen kjem med endeleg kulturminnefagleg merknad til planen, når dei varsla undersøkingane er ferdig gjennomført.</p> <p>14. Bergens Sjøfartsmuseum krev undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter kulturminneloven §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.</p> <p>15. Den vedtaksfreda eigedomen Tingvoll er gitt omsynssone H730 i arealplanen. Omsynssone H730_1 må ha ei eigen føresegn: «Føresegn for omsynssone for vedtaksfreda kulturminne Område er vist på arealplankartet som omsynssone H730_1. Bygningane og uteområde i omsynssone er freda ved enkeltvedtak, jf. lov om kulturminne §§ 15 og 19. Eige fredingsvedtak eller fredingsføresegnar gjelder. Alle inngrep i bygningane og uteområde som går ut over vanlig vedlikehald, krev søknad om dispensasjon frå fredinga til rette myndigheit, jf. kulturminnelova §§ 15a og 19. Dette gjelder også mindre tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova.»</p> <p>16. For kulturminne frå nyare tid som ikkje er vedtaksfreda, men som har ein viktig verdi som kulturminne og som det er ønske å ta vare på, må det leggjast omsynssoner H570 rundt med generelle følgjande føresegnar, for bevaring av naturmiljø: «Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/ naturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal leggjast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser».</p> <p>17. Det at deler av miljøet rundt gateløpet Brugrenda, ligg innafor omsynssone, er eit positivt trekk. Vi kunne tenke oss med føremøn å utvide dette området for å få med større deler av bygningsmiljøet, samtidig som grensa vert trekt ned mot elva for å få med dei karakteristiske sjøhusa. På bakgrunn av dette, ber vi om at eit større område rundt den gamle brua blir teke vare på som eit heilskapleg naturmiljø, med omsynssone H570.</p> <p>18. Bygg som det er ønske å ta vare på er markert i plankartet. I nokre tilfelle ligg desse innafor omsynssone H570, og andre tilfelle ikkje. Det er også områder som er markert med omsynssone, der bygningar ikkje er markert på dette viset. Dette kan verke misvisande., då det blir vanskeleg å tolke status på bygget. Vi vil framheve at det å bruke omsynssone med formål bevaring på viktige naturmiljø, vil gje det beste vern.</p> <p>19. Det er positivt at planen har ei føresegn for bruk av mest mogleg miljøvennleg materiale. Ved fortetting i sentrum er ombruk av materiale ein måte å redusere utsleppa. Dette bør gjerne spesifiserast.</p> <p>20. Dagens kollektivterminal er eit svært sentralt knutepunkt med god tilkomst frå hovudferdselsårane i ulike retningar. I føresegna står det at området kan nyttast til kjøpereal for buss og terminalfasilitetar, men det er uklart kor stort areal det er tenkt sett av. Fylkeskommunen legg til grunn at dette er styrt gjennom leigeavtalen med grunneigar. Skyss forventar eit stabilt passasjertal i åra som kjem. Det er soleis behov for å ha same kapasitet, som i dag. Difor er det behov for å regulere deler av området til kollektivformål slik at det på sikt kan forsvarast å oppgradera kollektivknutepunkt med universell tilrettelegging og andre utbetringar.</p> <p>21. I føresegna står det at langtidsparkering av bussar skal skje på anna areal. Fylkeskommunen kan akseptere ein slik endring, men dette må skje i samråd med Skyss. I områdeplanen er det sett at eit nytt areal til haldeplass for buss med tilhøyrande ventareal og skur. Det kan vurderast om langtidsparkering kan nok vere der, eller i andre mindre sentrale områder.</p> <p>22. Fylkeskommunen deltek gjerne i vidare dialog om Stryn si rolle som kollektivknutepunkt og framtidig utvikling av kollektivsystemet i området.</p> <p>23. Av omsyn til sentrumsutviklinga vil det vere ein fordel å samle parkeringsarealet i parkeringshus/- kjellarar. Vi vil og oppmode kommunen om å ha eit særleg fokus på kva parkeringspolitikk som skal gjelde i sentrumsområdet.</p> <p>24. Under grønt områder rår vi til å vurdere ei anna plassering av parkeringshuset o_SPH. Ein ny plassering av dette parkeringshuset bør vurderast.</p>	<p>3. Ikkje tatt til følgje. Området som er registrert som gammal slåttemark (Haraldløken) er i dag fulldyrka areal, og har ikkje lengre kvalitetane/floraen som er knytt til ei gammal slåttemark. Delar av det som er registrert som Rik sump- og kildeskog (Sundeløken) er dyrka opp. Grensa her er korrigert slik at det samsvarar betre med dagens situasjon då dette truleg ikkje blir reversert. Stryn kommune har undersøkt og dokumentert dette.</p> <p>4. Ikkje tatt til følgje. Parkeringshuset er vidareført frå tidlegare plan og stetter trong for ny parkering i sentrum ved utfasing av overflateparkering.</p> <p>5. Tatt til orientering. Er vurdert i planframlegget, mellom vidaregåande skule og idrettsanlegget meiner vi det er tilstrekkeleg gangsamband.</p> <p>6. Tatt til følgje. Føresegnssområde er innarbeidd i plankart og føresegn 12.2. Det er ikkje opna for utfylling.</p> <p>7. Tatt til orientering. Bekkeopning er ein krevjande prosess, og er vurdert i planframlegget. Føresegnene som står i kommunedelplanen vedrørende bygging innafor sona og opning av bekkane (under H320) er vidareført i områdereguleringa.</p> <p>8. Tatt til følgje. Føresegn 6.22.8 er justert slik at det berre kan byggast fellesnaust.</p> <p>9. Tatt til orientering. Er vurdert til ikkje å vere konflikt.</p> <p>10. Tatt til følgje. Gangstien er lagt om i plankartet.</p> <p>11. Tatt til følgje. Omsynssona er fjerna frå kartet.</p> <p>12. Ikkje tatt til følgje. Vi har ikkje funne at dette er tilstrekkeleg grunn til å utvide planområdet.</p> <p>13. Tatt til orientering. Er følgd opp.</p> <p>14. Tatt til orientering. Er innarbeidd i føresegn for VS5 og BKT1.</p> <p>15. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 11.8.2</p> <p>16. Tatt til følgje. Følgd opp i føresegnene.</p> <p>17. Ikkje tatt til følgje. Omsynssonen dekkar allereie brua og de karakteristiske sjøhusa. Omsynssona vart utvida i samband med kommunedelplanen og er vidareført i denne områdeplanen.</p> <p>18. Tatt til følgje. For bygg som skal bevarast som ligg innafor omsynssone vert juridisk linje for bygg som skal bevarast tatt vekk.</p> <p>19. Tatt til følgje. Innarbeidd i føresegn 2.11.2</p> <p>20. Tatt til orientering. Føresegnene er ikkje til hinder for vidare drift som i dag, men opnar for noko endra føremål dersom deler av terminalen vert omlokalisert, til dømes mot nytt areal ved idrettshallen.</p> <p>21. Tatt til orientering. Jf. punkt over.</p> <p>22. Tatt til orientering. Vil verte følgt opp i det vidare.</p> <p>23. Tatt til orientering. Planen har hatt dette som mål og strategi.</p> <p>24. Ikkje tatt til følgje. Lokaliseringa er viktig for å sette ønske om å redusere overflateparkering og fortette sentrum. Samstundes opnar sentrumsformåla opp for slik etablering.</p>
--	--	---

		25. Parkeringshus er ofte grå boksar/hus som ikkje har funksjon utover å tilby parkering. Vi vil derfor rå til å gjere meir ut av parkeringshusa, slik at dei gjev ein meirverdi til omgjevnadane. Dette kan vere gjennom bruk av grønne tak og vegger. Ved å ta inn det grønne element på parkeringshusa, vil ein òg gje positive effektar for naturmangfald og overvasshandsaming.	25. Tatt til følge. Innarbeidd i føresegn 2.21.3
106	Stryn Brannvesen, 13.11.2021	1. Brannvesenet må gjera merksam at eitt funksjonskrav i byggteknisk forskrift til byggverk i risikoklasse 4 er i konflikt med korleis brannvesenet er dimensjonert per dags dato. Viss reguleringsplanar åpnar for bygging av høge bygningar i risikoklasse 4 med eitt trapperom utført som rømmingsveg under føresetnaden at kvar boeining har minst eitt vindu eller balkong som er tilgjengelig for rednings- og sløkkjeinnsats, kan det få konsekvensar for brannvesenets beredskap. Brannvesenet tilrår at funksjonskravet § 11-13 2.ledd blir tatt i betrakning ved utarbeiding av areal- og reguleringsplanar i kommunen. Dersom føresetnadane endrast, for eksempel ved at kommunen åpnar for ei anna type bebygging enn den tradisjonelle på stedet, og som brannvesenet er dimensjonert for, må organiseringa og dimensjoneringa av brannvesenet vurderast på nytt basert på ein risiko- og sårbarheitsanalyse.	1. Tatt til følge. Føresegner er endra for å stille krav til bygg slik at det ikkje vert trong for ny høgdeberedskap hos brannvesenet. Jf. også innspel nr. 101 ovanfor (private innspel)
107	Inkluderingsutvalet v. Amanda Sellereite 17.06.2021	1. Universell utforming bør tas i betrakning utover Stryn sentrum, som for eksempel utforming av badeplassar, spesielt ute ved nausta ved stadion.	1. Tatt til følge. Prinsipp om universell utforming er innarbeidd i føresegner tilknytt badeområde og offentleg tilgjengelege område.
110	Statsforvalteren i Vestland, 24.06.2021	1. Merknaden er for omfattande å gjengi, og det vert synt til merknaden i sin heilskap.	1. Delvis tatt til følge. Dei vesentlegaste innspel er teke til følge, det same gjeld råd og enklare merknader så langt som dei ikkje er i strid med mål for planen.